

Sigrun Okkenhaug

# **Ut i verda**

bokselskap.no  
Oslo 2025

bokselskap.no, Oslo 2025

Sigrun Okkenhaug: *Ut i verda*

Teksten i bokselskap.no følger 1. utgave, 1926 (Oslo/Olaf Norlis forlag).

Digitaliseringen er basert på fil mottatt fra Nasjonalbiblioteket (nb.no)

ISBN: 978-82-8319-825-6 (bokselskap.no),

978-82-8319-826-3 (epub), 978-82-8319-827-0 (mobi)

Filen er lastet ned fra e-bokportalen Bokselskap. Lesetekst og flere

nedlastningsmuligheter m.m. er gratis tilgjengelig på [bokselskap.no](http://bokselskap.no)

---

*Sigrun Okkenhaug*  
**UT i VERDA**



---

OLAF NORLIS FORLAG - OSLO 1926

# PAA NESS

## Ut i verda

H. V. stod det sauma med store raude korsstingsbokstavar paa det graabrune sekkelerrets plædet. H. V. tydde Helga Vik. Vesle Helga hadde inga kiste og ingen handkuffert; men noko laut ho ha til aa pakke klæda sine i daa ho skulde bu seg til aa tre til i tenesta hos fru Strøm. So meinte mor ho fekk saume seg eit plæd slik dei brukte det den tid ho var ung.

Helga so gjorde, og fekk det til rett fint – og utruleg mange plagg fekk ho til aa leggje i det med. Sjøvsagt var det mykje som vanta; dei var ikkje rikfolk i Vika – ikkje enno, kunde Helga segje somtid med ein skjelm i augo, men ho fekk vel til det ho vanta etter kvart som ho trong det, meinte Helga. «Gruv ikkje for det du, mor,» sa ho stødt naar mor snakka om so det eine so det andre som kunde trengjas no ho skulde ut aat framande. Ho var med so godt mod, Helga, gjerne. –

Og denne somardagen ho gjekk framover vegen mot Ness med plædet i handa var ho glad. Det var slikt fint eit ver òg – skinande sol med litt sunnanvind, berre so mykje det ikkje var kjøvande reint. Over jonsok var det alt, og prestekragen lyste rein og kvit bortover moen og oppetter lia og blaabjølla ringla i vinddraget. Blaabjølla var siste [8] blomen som kom om somaren, visste Helga, og den var blaa som sjølve himelen og fager. Ho maatte plent plukke med seg nokre – saman med dei kvite prestekragane stod dei so vent. Det var retteleg ein somardag til aa kjenne seg glad i, denne dagen.

Men det var slik ei vedkjømeleg glede i grunnen. Mor hadde taaror i augo daa Helga skildes fraa henne frammed grindsleet, og det var so undarleg aa tenkje paa. Det var so sjeldan mor gret, og idag skulde ho daa ikkje ha noko sers aa graate for heller. Tvertom. Helga var paa veg til Ness idag og skulde tre til som barnegjente hos fru Strøm. Og Strøm sine skulde bu paa Ness i somar som ifjor, – so Helga kunde svinte heim rett som det var, ja kvar dag ein tur om ho vilde. Naar det ikkje var lenger vegen – – –. Og bra forteneest var det, so Helga skyna ikkje at mor gret idag nett.

Men langt innunder gleda og alle vonene laag det liksom blanke taaror og sprengde paa i hugen hennar Helga med. For – det var no første gongen ho skulde ut i verda lel, og det var mest som aa flutte heimanfraa sjølv om det ikkje bar lenger stykket unna. No gjekk ho her aaleine og minntes mor sine taaror og kjende ein leid klump i halsen; ho svelgde og svelgde, men augo rann fulle av taaror lel. Det var so mykje ho maatte minnas, so mange ting ho skilde lag med no; det var mest som aa gaa over grensa, inn i eit anna land, og aldri kunde ho koma att meir – aldri som før i alle fall – og ikkje visste ho kor det bar hen heller. Slik kjendes det.

[9] Men det gjekk ikkje an aa gaa her og graate hell, for ho var daa glad i grunnen, det var daa dette ho vilde og det var ei lukke at ho fekk plassen. Ho tok fastare tak i plædet og gjekk paa. Ho tenkte paa fjorsomaren, kor gildt det var mange gonger – og so tenkte ho paa korleis det vel skulde bli i aar? Og maatru korleis Aslaug saag ut no? Om ho hadde vakse mykje? og var like fin? Og den vesle guten ho skulde passe – om han var snild?

Han tenkte ho elles minst paa. Men ho tok til aa rekne over alt det ho kunde faa til for dei fem og tjuge krunor ho skulde ha i løn. Tenk fem og tjuge krunor om maanaden! Det vart snart mange pengar det – paa tri maanader vart det fem og sytti krunor.

Men so skulde ho ha ny konfirmationskjole til hausten og sko og kaape og hatt, og det var dei hundrad ting vist. Underklæde hadde ho sauma paa handgjerningen utover vaaren, hosegarn hadde ho faatt hos mor – ei hose hadde ho alt bunde, den andre skulde ho gjera ferdig i somar var meininga; men so skulde mor ha noko av løna til hjelp heime og, hadde Helga tenkt.

Ho hadde rekna dette reknestykket mange gonger utover vaaren etter at ho fekk brevet om barnegjenteplassen, og ho hadde faatt det til aa svare so fint. Men idag tok ho mest til aa tvile; det vart kan hende so ho maatte gjeve opp noko av det ho hadde tenkt seg lel. Ein fekk ikkje all verda for fem og sytti krunor – naar ho berre hadde visst kva ho helst skulde gjeve opp! –

Det maatte vera rart for Aslaug aa ha so liten [10] ein bror no, naar ho ikkje hadde havt sysken før, kom Helga paa. – ho skulde vera bra kry av han! Ho maatte mest smile, naar ho tenkte seg den vesle pluggen rund og raudlet og triveleg, og so Aslaug som byssa han og stelte med han. Jau verkeleg skulde det bli moro lel! –

Det var ikkje so lang vegen fraa Vika til Ness, ein skikkeleg halv times gonge. Idag var han stuttare enn vanleg – det var so mykje aa tenkje paa. Ho hadde knapt bynt

aa gaa, tykte Helga, daa ho var ved bjørkealleen alt – og daa var ho mest framme. Ho stana litt nedmed nedste bjørkene og tenkte seg om, – hjartet tok til aa bli so urolegt. Ho gruva ikkje heller, men – det var no rart likevel, og maatru korleis det vilde gaa? og kva ho skulde halde paa med? For det kunde no ikkje vera noko til arbeid for eit heilt menneskje aa passe ein liten gut berre? –

Det drog seg opp til toreskyer i sudaust, rettelege bankar av graa ull, som tetna til og mørkna – det maatte bli regn snart. Vart vel helst ei dugeleg skur føre kvelden skulde ein sjaa. Maasen skreik so gale den òg, so det var vel noko han venta seg. Helga vart staaande der nedmed bjørkene og sjaa paa skybankane kor dei glytta opp over aasranda og vaks og vart store og svarte og kasta skugge nedover aasen – men endaa hadde sola og varmen makta. Ho saag etter ein maase som flaug beint imot dei svarte skyene. Sola naadde sovidt i vengjesspissane og gylte dei og han flaug so rolegt mest som han sigla bort gjennom lufta. Han var ven! Mindre og mindre vart han – snart <sup>[11]</sup> var han berre ein liten skinande flekk mot dei svarte skyene – og so var han borte.

Daa sukka Helga til og saag seg ikring; det fall skuggar over jorda fraa den mørke himelen, – det var ikkje fritt anna enn ho hørde dur av toreskrell langt borte; ho kulsa, so tok ho plædet over i andre handa og tok til aa gaa att. Men den maasen – den var fager! Han hang att i tankane og vart som eit godt lite minne aa ha med. Tru kor han etla seg hen? og kor langt han flaug før han trøytna?

Ho kom braatt til aa tenkje paa flygarane Aslaug og ho prata so mykje om ifjor, og ho kom mest paa laatten. Tru Aslaug mintes det, ho –?

Den smaatt urolege bankinga i hjartet gav seg med kvart – det var daa Aslaug og fru Strøm ho skulde til, det var ikkje heilt ukjende folk. Og ho var vel inga jaale heller, som gruva for inkje noko.

Andletet var raudt av varmen, men elles rolegt og smilande daa ho kom inn paa tunet paa Ness. Tunet var stort og flatt og grasbunde, det var ei heil reis millom fjøslona og stugulona, og Helga kjende seg baade lita og aaleine, daa ho kom gaaande framover mot trappa. Dei hadde sete ute og faatt seg kaffe saag det ut for, men no sat dei visst ferdige til aa røme for toreskura. Fru Strøm var der og Aslaug og endaa tri–fire damor – Helga kjende ikkje dei, men det var vel byfolk det og truleg – og Aslaug sat og rugga paa ei fin barnevogn. Ho sprang opp daa ho fekk sjaa Helga, og kom imot henne.

«Aagid», ropte ho før ho vann helse, «det var [12] sanneleg bra du kom, Helga. Eg blir so leid av aa dra paa den guten stødt at – –.»

«Goddag,» smilte Helga litt brydd og retta fram handa, «og takk for sist,» la ho til og nigja. Ho gjekk rundt og handhelsa paa alle og nigja og var aalvorsam – ho ansa ikkje at Aslaug smilte og tykte det var moro. Aslaug tok plædet fraa henne og skulde hjelpe henne til rettes – ho maatte sette seg no og faa ein kopp kaffe ho òg, før uveret vann jaga dei vekk.

«Ver so god, Helga, sett deg no – ver so god forsyn deg – –.» Fru Strøm budde til plass breidmed seg, og ho sa det var gildt at Helga vilde koma og hjelpe dei med vesleguten. «Dei treng so mykje passing slike smaakarar, veit du.»

Helga raudna og kjende seg heidra, ho vart snakka til som eit vakse menneskje – og her sat ho midt oppi blanke eventyret. Dette var noko anna det enn aa vera gjætar og bli jaga i alle leider av so den eine so den andre; ho kjende litt til korleis det var. Nei, men dette det –, ho forsynte seg med ei kake til; ho tok til aa sjaa seg ikring, vilde liksom ta det innaat seg alt i hop, den vakre somardagen, toreskura som hang trugande over dei, dei fine folka og – og so vart ho var at Aslaug smilte so løynsk til ei av dei framande damone. Ho heldt i plædet hennar Helga, løfta opp det lite grand for aa syne fram det, glytta ned paa det og smilte – gjorde minor – –. Ho gjer narr av det, tenkte Helga og vart heit all i gjenom, – ho gjer narr av meg òg. Helga stivna, ho tykte ho maatte skrike, maatte springe sin veg eller – det var noko som gjorde so vondt, so vondt. Ho vakna liksom [13] og mintes at ho var fraa Vika berre, at ho skulde ut og tene for livemaaten. Ho minntes taarone hennar mor og tykte smaatt ho tok til aa skyne – –. Siste kakebiten vaks og vaks i munnen hennar, han vilde ikkje ned; men tilslutt gjekk det, og so retta ho seg opp og smilte mot Aslaug.

«Det er eg som har sauma plædet,» sa ho, «det er berre ein sekk, men det er reint; og eg maatte ha noko aa ha klæda mine i,» la ho til. Det var ikkje lett, men vesle Helga sat der raud i kinna og blank i augo og hadde mod og hjartelag nok til aa vera seg sjølv og verje sitt. Ho maatte, kjende ho.

Og Aslaug vart raud ho med, og den spotske smilen var utrygg daa ho gav fraa seg plædet. «Du er sanneleg flink til aa sy,» sa ho berre, men det let ikkje retteleg slik som ho hadde tenkt det. –

– So skulde Helga helse paa den vesle guten ho skulde passe. Han heitte Jørgen, og det var eit gamalt namn aat so liten ein gut. Men so kallte dei han «Bitte», og det

var ikkje stort likare det hell. Men Bitte var fin – fem maanader gamall og lo naar dei prata aat han.

«Er han ikkje søt?» sa Aslaug og hadde gløymt plædet alt.

«Jau, det er visst han er,» sanna Helga med og gløymde ho òg. Det var ingen ting aa minnas heller – eit lite augnekast og ein smil, – det var berre som ein skugge som vekte henne og gjorde henne vår. Dagen fekk ein annan let berre og eventyret kvarv – det var nok sjølve røynelege livet ho skulde i kast med. –

[14] – – – – –

Helga skulde ligge paa burslemen saman med tausene paa Ness. Det var godt og romslegt der no somars dag, og lettvent. Dei hadde ordna det slik fordi det var lite om plass elles. Eit ørlite vonbrot var det – somtid hadde Helga drøymt om sitt eige rom, der ho kunde stelle som helst ho vilde, eller so saman med Aslaug; men det var det nok ingen som hadde tenkt seg her. Og Kari og Johanne, dei to tausene paa Ness, kjende ho fraa før, so det var so greidt soleis. – –

Ho stod frammed senga si om kvelden og ordna tølone sine; ho saag paa dei raude korsstingsbokstavane og lengta med eitt so uhjelpelegt etter mor. Ho vart staaande med plædet i handa og livde oppatt heile dagen – det var reint utruleg at det verkeleg var idag ho gjekk heimanfraa, det var so lenge sidan. Og no gjekk mor som elles og stelte til rettes til natta, pakka teppet godt ikring Margot kan hende, og venta paa Erik som var paa snørsjøen ikveld. Kan hende lunka ho paa kjelen og stelte litt omframt aat honom dersom det vart seint – han hadde vore so flink til aa hjelpe til utover vaaren, Erik, han fortente vel ein ekstra kaffetaar. Men ikveld fekk han sagte fisk – etter den svære toreskura i nonet. So snakka dei vel om henne og undras korleis ho hadde det no – –.

Det draup eit par taaror ned paa plædet; aldri hadde Helga visst det kunde vera so triveleg heime som ikveld ho ikkje var der! No hadde dei varme paa gruva og kaffekjelen stod og smaaputra paa glørne, kan hende stod glaset ope so dei høyrde skvalinga fraa sjøen og kjende tanglukta – – –. [15] Helga drog ein liten skjelvande sukk, og tok so til aa pakke opp forklæ og kvardagskjolen sin til imorgo, glatta det til og hengde opp det. Plædet hengde ho paa sengstaven med bokstavane og krotsaumen fram, so kven som helst kunde sjaa – og gjera narr dersom dei var huga paa det. Ho krusa sovisst ikkje nokon, tenkte Helga, og kasta litt med nakken. Graaten skjald i augo enno, men han var blanda med trass no. Ho smatt inn under



teppet og i halvsømne mintes ho maasen som flaug ut i rømda med sol over vengjene. «Eg skal nok greie det eg òg,» tenkte ho.

## Arne

Det var ikkje so greidt aa vera barnegjente som Helga hadde meint. Det var ikkje noko tungarbeid nett, men kjaak og mas heile dagen. Ho sprang ifraa morgonen tidlig til seine kvelden; so var det eit, so var det noko anna – Bitte skulde ha mat, Bitte skulde skiftas paa og reivane vaskas, turkas og strykas, Bitte skulde ut og Bitte skulde inn – og Bitte maatte ikkje ligge og skrike.

Helga hadde tenkt aa gaa heim til mor ein av dei første dagane, so mykje dei heime fekk høyre korleis ho hadde det, – men ho nemnde det ikkje eingong. Det var ikkje langt aat Vika, men ho skyna ikkje korleis ho skulde vinne det lel. Ho kom ikkje heim før det leid over ei vike – det var siste prestedagen før somarferien, daa svinta ho innom med same ho kom fraa presten.

Hadde ho mykje aa gjera, vilde mor vita. Aaja, noko var det mest stødt, tok Helga til aa fortelje. Men det vart Bitte ho snakka mest om, kor forundarleg han var, so flink og fløt etter alderen – dei maatte vita, han prata til henne! Naar ho stod attmed vogna og snakka til han, lo han og sette til truten og jabba med. Det var ikkje ord som dei skyna sjølv sagt, men – noko meinte han vel med det, og dei kunde ikkje tru kor søt han var! <sup>[17]</sup> Og han lo so han skrakla somtid, og no var han so glad i henne alt, at det var mest ingen han heller vilde vera hos. Aslaug var reint svartsjuk, kunde dei tru; og fru Strøm hadde sjølv sagt det idag, at han kjende snart Helga like godt som han kjende henne. Dei kunde ikkje tru kor snild han var – naar han hadde faatt mat og var turr kunde han ligge lange stundene og drøse med seg sjølv, daa leika han seg med fingrane sine og tok etter stortaa-a, – dei skyna ikkje korleis han var, naar dei ikkje hadde set han, det var ho viss paa.

Helga gløymde reint alle dei mange smaating ho hadde tenkt aa snakke med mor om – dei ranns etter henne paa heimvegen; men i grunnen var det ikkje so mykje aa prate om heller, naar ho vann tenkje seg om. Mor hadde sagte nok aa stri med lel, og smaatteri var no smaatteri. Om ho vart trøytt og leid seg ein gong i millom so var vel ikkje det meir enn mest alle vart. Ho hadde det no gildt i grunnen, – og no skulde ho vera fri presteleksor over ein maanad. Det var ei lette det og, endaa det var moro aa lesa. –

Helga gjekk framover vegen i kveldingen og tok det med ro. Bibelsoga og salmeboka hadde ho lagt att heime, ho gjekk retteleg og kjende seg fri, spende til ein og annan smaasteinen som laag i vegen, nappa etter ein blome eller eit

grasstraa og let sola varme seg riktig godt i nakken og ryggen. Ho maatte retteleg njote tilveret, tykte ho. –

Det kom ein kar raklande imot henne ned gjennom bjørkeallèen. Tru kven det kunde vera som hadde tid til aa reka slik midt i slaattonna? Nokon av byfolka var det ikkje det ho kunde sjaa; [18] – men var det ikkje? – jau, det maatte vera Arne! Arne Ness, odelsguten paa Ness, som nett var ferdig med første aaret sitt paa lærarskulen. So hadde han kome heim idag lel daa – dei hadde venta han, visste ho. Han var vel ute og saag seg om, venteleg.

«Goddag!» Det var Arne som stana og helste.

«Goddag!» Helga nigja og vilde gaa forbi. Ho hadde ikkje noko usnakka med han det ho visste. Og elles so – han vilde vel berre gjera seg viktig truleg, han hadde havt det med det før òg. Ho mintes han nok fraa skulen, han var storskulegut, han, daa ho gjekk i smaaskulen; og verre gut til aa terge skulde ein leite etter. Ho gjekk forbi.

«Nei, stopp no. Du har vel ikkje so annt om, veit eg? Det var noko eg vilde spyrje deg om.»

Helga kunde ikkje godt gjera anna, ho stana og venta.

«Kofor kom du ikkje aat oss og vart gjætar i somar? Mor hadde tinga deg, sa ho.»

«Ja men – eg hadde ikkje lovt noko. Og so fekk eg ein annan plass.»

«Den var likare den truleg?»

«Likare? – Det veit eg ikkje, men – han var venteleg det, ettersom eg tok han.» Helga var brydd og visste ikkje retteleg kva eller korleis ho skulde svara. Ho var sint òg – kva hadde no han med aa grava og spyrje. Mor hans hadde ikkje sagt et steins ord, ho, og elles so hadde dei faatt i sopass til gjætar paa Ness, at det var ikkje noko aa bera seg for. Men han skulde vel terge venteleg [19] – og ver so god, ho skulde daa freiste svara for seg.

«Eg hadde ikkje trudd du var so toskaat, Helga.»

Arne var aalvorsam som ein prest, so det var ikkje godt aa vita kor ein hadde han –; «men det skal vel vera finare aa gaa og trille paa ei barnevogn venteleg? so faar ein gaa mest som ei dame og spasere. Ikkje sannt?»

«Finare?» Helga kunde gjerne flyge i flint so sint vart ho. «Du veit veil greide paa kva som er fint du som kjem fraa byen? Det var vel for aa lære det, du reiste ifraa onnene heime du òg, veit eg. Finare –.»

«Nei no trur eg det skin over lel – det er vondt aa høyre lusa hoste i lovaatten skal eg segje deg.»

«Ja, dei segjer det; men naar ho hoster so høgt at det høyses, so veit ein daa kor ein har a henne – det maa vera verre naar ho tegjer, tykjer eg.»

Arne gapte berre, og Helga var mest huga til aa læ – han saag ut som han hadde seld smør og ikkje faatt noko for det. Men kvifor skulde han koma aa gjera seg viktig?

«Eg faar nok skunde meg, eg,» sa Helga, «eg maa heim til det fine arbeidet mitt – det kan vera onnorleis med deg som er so fin du har ferie alt.»

Ho nikka kaut og gjekk ifraa han, – han skulde vera fri at ho nigja i alle fall. Det maatte vera maate paa òg!

«Farvel Helgamorr,» ropte Arne etter henne, «jamen var det moro aa sjaa deg sinna att. Du er daa lik deg enno.» Og so lo han slik, at Helga laut draga paa smilen ho og. Det var for løgje [20] – han var so – so konstig. Men ikkje var ho nokor Helgamorr for han ikkje, det kunde han forlate seg paa. –

Ho gjekk fort oppover mot garden og var glad likevel. Ho hadde kan hende sagt for mykje, kom ho ihug; men pytt sa'n, han hadde vel godt av aa høyre det, naar han kom slik og gjorde seg til. For fin til gjæter? Kunde ikkje han vera heime og gjæte sjølv, naar det var so overlag. Han skulde vel vera næraste til det. Ho smilte smaatt og sulla paa ein tone ho hadde høyrte eine dagen her – ho var glad for det var slikt fint eit ver.

Ho var varm etter gonga og smilande enno, daa ho kom oppaa loftet hennar fru Strøm. Der sat Aslaug og byssa guten – han grein og var uroleg, var vel vaat helst, kom Helga ihug. Fru Strøm var paa stationen med eit brev.

«Men du verda, so lenge du vart,» surmulte Aslaug, «du har daa vel ikkje vore hos presten heilt til no?»

«Eg gjekk heimom med det same. Det var ikkje lenger stubben –.»

«Og so vart du sittande der, ja. Mamma er ikkje blid maa du tru.»

«Ja men ho gav meg daa lov sjølv –.»

«Ho trudde vel ikkje du skulde bli borte for det! No har eg sete her i to timar snart og ikkje kome meg av flekken for guten.»

«Det skulde vel ikkje vera noko for mykje det,» heldt Helga paa og skulde segje – men so tok ho seg i det. Aslaug var forkava no og sinna, det nytta ikkje aa segje noko likevel – og det maatte vel gaa seg til snart.

[21] Helga tok guten og sette seg med han, og Aslaug gjekk utan aa segje eit ord meir. Ho kjem vel att snart, tenkte Helga; men det gjorde vondt likevel – ikkje berre det at Aslaug gjekk slik, men alt i hop mest. Det hadde snudd seg beint om og var kvardag att – onnorleis var det ikkje.

## «Alle tilliggende herligheder»

«Nelius Nilssen Lund, avdødes anden ældste søn, arvede saaledes Lundegaard gods med alle tilliggende herligheder.»

Det var Helga som hadde funne fram eit gamalt blad og sat og las i, medan ho ansa etter Bitte. Baade fru Strøm og Aslaug var paa sjøen. Dei reiste i kveldingen to baatlag med kaffekjel og mat og fiskegreior, – dei skulde freiste fiskelukka si og so skulde dei koke kaffe paa holmen var meininga. Arne rodde den eine baaten og Strøm den andre. Strøm hadde teke seg fri fraa forettinga ei vikes tid og var paa Ness han òg. Det var ein triveleg mann, tykte Helga, pratsam og godsleg. Det var ikkje det grann undarleg om Aslaug var hæv fordi faren kom – ho hadde no faatt so mykje fint hos han òg. Millom anna hadde ho faatt ein fin laugarbunad og det var mest det snaalaste, tykte Helga, for ho hadde ikkje set at folk klædde paa seg naar dei skulde lauge seg før. Ikkje skyna ho, at det kunde vera noko vidare heller – anna enn fint daa. – –

Men det var denne kvelden ho sat oppe hos Bitte. Ho var glad ho hadde funne i desse gamle blada – ho var dugeleg trøytt alt, og det var daa alltid noko aa kike i so ho ikkje somna av reint. [23] Tru kva klokka var? Enno kunne det vist ta tid før dei kom att, naar veret vart so fint – og ikkje leid det vel so mykje heller venteleg.

«Lundegaard gods med alle tilliggende herligheder,» las Helga oppatt, og stana med det. Ho tenkte seg om. Det var so innhaldsrike ord, dei femnde over so mykje, dei minnte om freistinga i ørkenen. Alt dette vil eg gjeve deg – det maatte vera herligheder det var meint paa der òg. Herligheder – ho let att augo, so ho kunde sjaa det greidt for seg. Det maatte vera overlag det han arva denne karen, og endaa var han ikkje eldst heller. Enn om ho kunde koma borti det slik ein gong – arve og bli rik!

Sjølvsagt hende det aldri – det hende aldri noko med henne, men det maatte vera vedundarleg likevel. Aldri vera nøydd til aa tenkje paa kva nokon ting kosta! Sett det dukka opp ei steinrik tante eller ei gudmor fraa Amerika. Ingen hadde visst av henne paa mange aar, og no kom ho ukjend og gav seg i prat med alle og mest med Helga sjølvsagt. Ho vilde røkje etter om Helga var verdig til aa bli rik, ho vilde sjaa om ho var snild og godhjarta – kan hende less ho som ho var fatig òg til aa bynne med!

Aa, men Helga skulde nok vera greid og beinsam og hjelpe den gamle fatige dama paa alle vis. Og so reiste ho ein dag og sa ingen ting, smilte berre so underfundig og takka mest ikkje for seg, og alle tykte det var so undarleg, – men ei tid etter kom det brev at Helga hadde arva mangfoldige tusen krunor, mange millionar kan hende – –.

Bladet datt ned paa golvet, men Helga ansa [24] det ikkje – ho sat og drøymde om noko vedundarleg som kunde hende; eller om det ikkje hende nokon gong, so var det gildt aa tenkje seg det lel. «Alle de tilliggende herligheder» – det var mest som aa liva det ei lita stund.

Ho skulde bygge ny stugulon paa Vika det første ho gjorde naar pengane kom, – med stor glasveranda og mange rom, og so skulde ho faa til hage med prydtre og mange epletre. Og Erik skulde reise paa skule og bli prest eller doktor eller so skulde han faa ein retteleg stor gard med alt som høyrde til; mor skulde sitte paa stas berre kvar einaste dag og Margot skulde faa dokkestove med rettelege møblar – aa, det var endelaust alt det ho kunde faa til naar ho berre fekk denne arven. Enn alle dei kjolar ho skulde faa seg og fine sko, nett slik som Aslaug sine – fine og mjuke og so lette at ein kjende ikkje ein hadde mest noko, korkje paa føtene eller kroppen. Og alle dei som var fatige skulde koma aat Vika og faa hjelp – –.

Augo gleid i, og Helga heldt paa og dorma beint ifraa baade rikdomen og det meir. Ho var so trøytt.

– – – – – Læ – æ – læ – æ –, Bitte skreik og sparka, og Helga spratt opp av stolen – ho var aalvakjen med ein gong og snudde paa guten og byssa han. Men han vilde ikkje gjeve seg. Ho freista gjeve han drikke av koppen, men det gjekk ikkje det hell. Bitte var van med aa faa koma aat mor si om natta, og han vilde ikkje vita av nokon ny skikk. Han slo seg stiv og skreik for livet, – det hjepte ikkje alt det Helga snakka aat han og stellte om han. Ho laut ta han opp og bera [25] han ei stund; ho skrudde paa ljuset og daa tagna han. Han lo og tok etter pæra, men daa han ikkje fekk koma heilt bortaat vart han arg og tok til aa skrike paa nytt lag. Det var inga onnor raad, ho maatte bera han.

So gjekk ho att og fram paa golvet med guten paa armane, bar og byssa og smaatt sulla og song. Endeleg vart han trøytt og augo seig att smaatt om senn – –. Helga heldt anden av spaning og redsle for at han skulde vakne att. No sov han verkeleg, sov roleg –; ho stiltra seg bortaat senga, varsamt – varsamt, jau, han sov –; aa! det letta aa faa leggje han ifraa seg. Ho fekk sløkke ljuset og leggje teppet berre lausleg over han – det saag ut som han var varm. Men daa vakna han att – og skreik. Og

slik som han skreik – han raste og so gret han innimillom, det nytta korkje aa snakke aat han eller aa snu paa han – ho maatte ta han opp og bera han paa nytt. –

Slik heldt dei paa gong paa gong. Naar Helga berre gjekk og bar han var guten roleg, men so snart ho freista leggje han ifraa seg var landet laust. Ho vart trøytt, ho vart klar i hendene, so ho tykte dei dovna bort og seig ned. Ho orka ikkje syngje meir, men daa vart Bitte arg; so laut ho gaa og sulle og syngje lel; ho aatte ikkje tone tilslut, gjekk berre og mulla noko meiningslaust, so mykje det let.

Ein gong saag det ut som han heldt paa og skulde gjeve seg over, han sov og han ansa ikkje at ho la han ifraa seg. Ho breidde teppet over han og gjekk paa taa bortaat stolen sin, – men ho vann ikkje sette seg før han song opp att. Daa vart ho so arg, ho var mest huga paa aa slaa – han [26] skulde havt retteleg rundjuling tenkte ho, so kunde han faa noko aa skrike for ei stund. Naar ingen ting hjelpte, so – –. Huff, ho var so trøytt at ho vilde kaste opp mest.

Tru kor det vart av fiskarane? det maatte daa li langt paa natt no? At ikkje fru Strøm kom i alle fall? Bitte vilde ikkje ta melka, ikkje paa sett eller vis, – han illskreik berre ho synte han koppen. Og no orka ho snart ikkje bera han lenger, – han fekk skrike ei stund, det var inga onnor raad. Ho la han ifraa seg og skreik gjorde han, skreik og sparka og spende. Nei, det nytta ikkje slik heller, ho fekk vel ta han. Og so var det aa gaa og bera att. – –

Daa Strøm sine kom heim hadde Bitte somna. Han laag i senga si og hiksta til litt ein og annan gongen og blaaheldt ei av flettone henner Helga. Og Helga sat paa golvet frammed senga, ho sov med hovudet paa sengekanten og ansa ikkje at dei kom. Det hang ei taare att i eine augnekraa-a og ho anka seg i sømne.

«So so Bitte,» mulla ho, «no maa du vera snild, no, Bitte –.» Det høyrdes som ho bad for seg; men rett som det var sette ho i med høg og kvell røyst liksom ho las or ei bok: «Med alle tilliggende herligheder.» –

Daa lo Strøm so Helga vakna. Ho saag seg forfælt ikring – skreik han enno, guten? og hadde ho somna ifraa han? – – Nei, han sov som vel var; ho rykte aat seg fletta si og reiste seg opp. Bitte sov like godt, men Helga var stiv og lemster i heile kroppen, – det var berre nettopp ho stod paa skikkeleg vis.

[27] «Eg – eg vart so trøytt,» sa ho og skulde liksam orsake seg; det var elles ikkje so faarleg lel, naar berre Bitte sov.



«Ja, det var greidt du maatte bli trøyt,» meinte Strøm. Fru Strøm heldt alt paa aa bu seg til natta, og Aslaug preika og prata om turen. Dei hadde ikkje faatt ein fisk, ikkje ein einaste, men Helga kunde ikkje tru kor morosamt dei hadde havt det. Erik var vist ute og fiska han òg, dei hadde set han og Hans lenger utpaa. Arne sa i alle fall at det var dei.

«Men gid so snaal du var daa vi kom heim, Helga! du snakka i sømne òg –.» Aslaug sat og snøra av seg skoene og lo. Ho var ikkje det grann trøyt no, let ho, men imorgo skulde ho sova – du milde verda!

«Vil du koma og ta Bitte imorgo tidleg, Helga?» undras fru Strøm, «so faar eg ligge utpaa ei stund. Klokka er over tri alt, so vi blir nok trøytte spaar eg. – Du faar alltid Kari eller Johanne til aa vekke deg, so kjem du hit klokka halv otte.»

Ja, Helga skulde koma. Strøm saag ut som han vilde segje eitkvart; men han tenkte seg nok om. Han stakk noko borti neven hennar Helga og skubba henne ut gjennom døra.

«So godnatt no Helga! kom deg berre til ro no. Dette skal du ha fordi du var snild og flink med Bitte. – Slit det med helsa du, gjenta mi. Godnatt, godnatt.»

– – – So stod Helga nede paa tunet med ein femkrunesetel i handa og trudde mest ikkje augo sine. Heile fem krunor! Og det berre fordi ho hadde sete oppe hos guten ei natt. Bitte kunde [28] gjerne faa skrike kvar natt, naar det lønte seg so godt. Eller onnorkvar natt i alle fall.

Men desse pengane skulde mor faa so visst som noko. Ho vilde be om aa faa gaa heim i morgo kveld. Mor trong baade nye sko og ein ny helgekjole, og Helga var huga paa aa klæ opp mor fraa topp til taa, naar ho berre kunde faa det til. Men det skal vel bli, tenkte ho, det skal vel bli!

Ho dansa bortover mot huset – ho kunde gjerne vera oppe med ein gong for den deil, ho var ikkje det grann trøyt lenger. Det var berre so lenge til i morgo kveld.

## Helga og Aslaug

Ein dag seinare kom Aslaug og var full-lasta med nytt. «Du Helga, veit du vi skal ro heilt til Langnesset ein kveld, vi skal piske eggedosis og koke kaffe – og so skal vi leike oss.»

Helga tenkte paa femkrunesetelen ho fekk sist, men ho fekk ikkje til aa vera berre glad likevel. Det stakk til mest som ein saknad eller som ovund i hugen hennar – ho hadde ikkje vore ute og rodd ein einaste kveld, ho, sidan ho var heime ivaar. Og ho lengta med eit so etter saltsmaken av sjøen, etter tanglukta og den svale luftningen, etter aa trampe i tang og fjøresand. Ho lengta so etter noko, ho visste ikkje plent kva det var, men – etter at noko skulde hende, etter ein dag som ikkje var like eins som alle dei andre, etter – etter «alle tilliggende herligheder» vist.

Ho kunde ikkje gløyme det ordet, det var so mykje i det – det femnde over alt ho ynskte seg. Og ho maatte smile med seg sjølv kvar gong ho tenkte paa det, fordi det var liksom ein undarleg ting ho hadde funne, som ho gjekk og gjøymde paa og vart glad i. Ho hørde ikkje stort av kva Aslaug sa, og visste ingen ting aa svara. Det gjekk alltid an for Aslaug aa prate, som fekk det plent [30] som ho sjølv vilde, og fekk vera med alle gonger mest som ei vaksi dame.

«Trur du ikkje det blir moro?» undras Aslaug.

«Jau, det gjer det vist,» sanna Helga med so likesælt ho kunde. Moro? – Jau, naar ho tenkte paa kor glad mor vart for pengane sist, so – –.

«Gleder du deg ikkje, Helga?»

«Eg?»

«Ja du sjølvsagt. Du skal vera med, kan du vita.»

«Eg? – Ja men – enn Bitte daa?»

«Mama og papa blir ikkje med dei, ser du. Det var papa som sa du skulde vera med. – Veit du kva han sa? Du var so tolsam med Bitte, sa han, at du fortente aa faa fri ein kveld og ha litt moro, – og so var du berre ei ung gjente du òg, sa han. Han sa 'ung gjente' skynar du. Det skulde frk. Hermansen høyrte! Men er ikkje papa snild synes du?»

Jau, Helga kunde ikkje segje anna – ho aatte ikkje ord for kva ho tykte retteleg; men ho kjende kor ho mjukna til og vart glad all i gjennom. Det tok liksom til aa syngje langt inni henne.

«Skal det bli med mange?» undras ho.

«Det blir vist to baatlag,» meinte Aslaug, «alle ungdomane her paa Ness og so dei paa prestegarden. Arne blir med òg.»

«Gjer han det. – Men trur du dei likar at eg er med – byfolka?»

«Pytt sa'n, det gjer dei vel, – det skulde berre mangle òg. Den einaste kunde vera frk. Hermansen, men ho bryd vi oss ikkje om. Ho er ei jaale synes no eg altso.»

[31] «Ja men Arne –?»

«Arne? Han er daa berre bondegut sjølv han. Men elles so synes no eg at Arne er kjekk, eg. Han er slett ikkje so dumviktig som seminaristane plar vera –.»

«Aah –»

«Nei, han er ikkje det. Veit du kva han sa om deg? Du hadde so vent eit haar, sa han, men augo dine var for aalvorsame.»

«Tøv? det sa han ikkje lel?»

«Jau, det er so sannt. Han sa det ikkje til meg kan du vita – han sa det til frk. Hermansen, men eg hørde det.»

«Aa, han meinte ingen ting med det lel, det kan du vera trygg paa. Han gjer berre narr av folk skal eg segje deg. Eg kjenner han daa sopass –.»

«Ja, eg trur no det eg vil eg daa. Elles so er no haaret ditt bra vent, so det var vel ikkje so rart om han sa det heller. – Men veit du kva frk. Hermansen sa?»

«Nei?»

«Du var berre ein kjepphøg gjentunge, sa ho»

Baade Helga og Aslaug lo. Frk. Hermansen var atten aar og vaksen, ho saag ikkje so laagt ned som til Aslaug og Helga, og dei likte ikkje henne dei heller. I minsto ikkje Helga.

Helga hadde nok trudd at Aslaug og frk. Hermansen var godbussar, men det høyrdes ikkje for det no, – og ho kunde ikkje late vera aa vera glad for det. Det var mest som den gamle Aslaug fraa ifjor hadde kome att.

«Veit du kva eg trur?» sa Aslaug og stakk [32] handa si under Helga si. Helga hadde vore ute paa bleikvollen etter nokre klæplagg aat Bitte, – ho gjekk og drala no, men det var vel ikkje so faarleg naar Aslaug var med. Og det var moro aa prate ei stund òg.

«Jau, eg trur at frk. Hermansen er forelska i Arne, eg. Trur ikkje du?»

«Nei, det trur eg no ikkje lel. Han er daa mest berre ein gut og – og so er han daa ikkje slik heller. Og frk. Hermansen – nei dei høver daa ikkje i lag lel.»

«Nei, det gjer dei sjølvsagt ikkje, men – ho heng no etter han alle stader og gjer seg interresant. Du kan berre sjaa etter paa Langnessturen skal du faa sjaa. Og du trur altso ikkje korleis ho var den kvelden vi var paa holmen! Det maa vera noko visst oppløftende ved aa vera lærar, sa ho og la hovudet paa skakke og saag djupt paa han. Han saag ut som han hadde bite i ei gnallsur citron, slik grein han. – Ho er raadlaus segjer eg deg.»

Helga maatte læ – Aslaug var morosam naar ho tok til aa herme, og no var ho arg ataat.

«Eg skynar elles ikkje at Arne vil bli lærar, eg,» sa Aslaug, «sitte og terpe med ein skokk dumme ungar, naar han skal ha denne fine garden.»

«Nei, kan du skyne det? Eg tykjer det er daarleg, eg.»

«Aa, daarleg –?»

«Ja, for eg veit daa det at foreldra hans likar det ikkje. Og naar dei ikkje har fleire søner heller, so –.»

«Det kan vel hende han vil bli noko anna enn bonde, veit eg. At han vil bli noko finare eller – eller noko meir.»

[33] «Ja, det er det som er so daarleg tykjer eg. Det er elendig er det. Han blir aldri finare enn far sin lel.»

«Jau, veit du kva, Helga. Det kunde daa hende han kunde bli lærar inne i byen og slaa seg retteleg opp. Eg veit daa det at bondegutar har vorte like til statsraad –

og det maa no vel vera likare enn aa vera berre bonde lel?»

«Det kan godt vera, men eg likar det ikkje lel. Eg er viss om at eg vilde ikkje like den statsraaden heller, dersom –.»

«Dersom kva for noko?»

«Jau, dersom han ikkje var bonde likevel, meiner eg. – Eg likar ikkje folk som gjer seg til, eg.»

«Du er retteleg ei rara er du. Vilde ikkje du like aa bli noko anna enn mor di daa?»

«Jau, det vilde eg sjølvsagt. Men eg vilde ikkje bli likare enn henne likevel – –.»  
Det siste sa Helga so stilt. Det var mest som ho vilde ikkje segje det heller, men so kunde ho ikkje anna. Men naar ho tenkte paa mor, so vart ho so tung om hjartet. Mor vilde ikkje bli retteleg sterk etter den sjukdomen føre jul – og Helga tørde ikkje tenkje paa at mor skulde bli daarleg att. – – –

– Ho gjekk inn med klæda, og Aslaug dreiv vidare nedover mot hagen. «Kom nedi hagen du òg med Bitte naar han skal ut,» ropte ho etter Helga, og Helga lovte det.  
– Bitte sov enno og det var bra, for ho hadde so mykje ho skulde ha gjort unna. Ho gjekk opp paa loftet for aa rydje opp og turka av golvet. Og so vart ho staa-ande framfor spegjelen og sjaa paa bilætet sitt.

So vent eit haar? – – ho tok baae flettone [34] og la dei framover bringa, dei var tjukke og glinsande mørk brune; og det var krøll i haaret – det hadde ho alltid vore so glad for. Det var kan hende vent og haaret hennar, – ho strauk flettone gjennom hendene sine og ordna dei til kring hovudet. Neste somar skulde ho ha haaret oppsett – tru korleis ho kom til aa sjaa ut daa? Det var berre det at andletet var so lite og bleikt, og so var det vist for breidt til aa vera vent retteleg.

«Men det er daa bra eg har noko som er vent,» smilte Helga aat seg sjølv og kasta flettone attpaa nakken att. Det gjekk nok ikkje an aa staa slik og filosofere, dersom ho skulde bli ferdig til Bitte vakna. – – Men ho var glad for Langnessturen likevel, ho var so overlag glad. Maatte det berre bli godver – og maatte det berre ikkje koma noka i vegen i siste liten!

## Paa Langneset

Langnessturen vart festleg. So mykje moro hadde Helga mest ikkje vore med paa i heile sitt liv før.

Dei laag paa fjorden og saag sola gjekk ned, og vatsflata var som ein spegjel. Dei skravla og snakka og lo i munnen paa kvarandre, det var som i eit kvernhus – i ein surr alt i hop.

Men daa kveldssola kasta gull paa skytoppane og vatnet vart som ein annan himel, daa tagna dei alle. Det var so fagert, ein kunde gjerne graate og endaa kjenne seg usegjeleg sæl.

So tok Arne til aa sulle smaatt for seg sjølv: Fager kveldssol smiler over jorda ned –  
–. Lite om senn vart dei med i songen dei andre òg. Stilt og døyvt let kveldssolsongen utover fjorden, medan sola seig attom aasen. –

Sidan løyste den eine songen av den andre. Arne song føre – han kunde vist mest heile Seipsboka utanav – og dei andre song med so godt dei kunde. Helga kunde best. Og Arne sa det.

«Ho har so nyleg gaatt paa skulen, ho, ser De,» sa frk. Hermansen overberande – det let ikkje som lovord nett.

«Ja, og ho slutta for tidleg,» sa Arne.

«Det held eg absolutt med Dykk i,» sanna frk. <sup>[36]</sup> Hermansen med og var blid; «ho hadde havt godt av aa gaa eit aar lenger i alle fall.»

«Det var no mest læraren eg kom ihug,» sa Arne, «det maa vera vondt for han aa misse ein so god songar. Eg er viss om det er ikkje mange i same klassen som syng sopass.» –

Helga var raud alt opp i haarrota. Ho vart galen paa frk. Hermansen daa ho la seg borti, men ho maatte mest læ daa Arne svara slik. Han var daa lik seg stødt –, men ho hadde aldri likt han so godt som ikveld likevel. Han var ikkje noko stormodig ikveld. – Ho gjorde seg for og song so høgt og klaart ho berre kunde; det var moro aa terge frk. Hermansen litt, og so var det gildt aa syngje òg. Det var mest som tonane bar ein opp over slitet ei stund og inn i ei onnor verd. Ei ljosare og reinare. –

Dei skulde iland og koke kaffe og laga til fest utpaa nasset, men det var mest tungt aa forlate fjorden – det var slik ein herleg kveld. Endeleg kom dei seg iland likevel. Karane samla kvist og rask til baal, gjentone stelte med kjelen og duka bord. Frk. Hermansen piska eggedosis og kommanderte – ho fekk dei til aa bruke føtene sine, den tytta.

«Det er for lite ved,» meinte ho, «finn i meir turrkvist. Pass paa kjelen, Aslaug, no kokar han over snart. Nei, sett korgene lenger opp, Helga, vi vil daa ikkje sitte heilt nedi fjøra lel.»

Ho hadde eit auge med alle – berre Arne slapp fri; men so tykte ho det var for gale òg, so fekk ho han bortaat seg til aa hjelpe til med piskinga. Det maatte gjeras til gagns det, skulde eggedosisen bli god, let ho. – Aslaug blunka til Helga – [37] kva var det ho hadde sagt? Og Helga maatte læ. –

Det vart like eins daa dei skulde drikke kaffen. Frk. Hermansen sette seg til slut, og det var best rom breidmed Arne sjølvsagt. Aslaug og Helga smilte løynsk til kvarandre og kom paa laatten alt i eit.

«Dei to smaagjentone har det vist morosamt,» meinte frk. Hermansen litt spisst.

«Ja takk,» sa Aslaug og saag skuldlaust paa henne, «smaagjentor er so kravlause, dei, det skal i grunnen so lite til før dei moroar seg.» Og so lo dei att. Og dei andre maatte læ med.

«Naar eg berre skyna kva de lær aat,» sa frk. Hermansen og lo ho med – likevel.

«Ja daa –,» sa Aslaug og saag paa Helga.

«Ja daa –,» sa Helga òg. Det var reint raadlaust – dei kunde mest ikkje segje ord lenger utan at det vart til laatt og løjje. Og heile flokken lo med – reint meiningslaust. –

«Skulde vi ikkje slaa paa ringen?» undras Erling Beck, son til presten. Jau vist skulde dei det – og opp spratt alle som ein og tok til aa springe. Men frk. Hermansen vart snart klar av leiken, ho hadde stuva foten sin litt òg, so ho maatte faa stø seg paa nokon og finne ein lagleg plass aa kvile seg paa.

«Vil De hjelpe meg, Ness?»

Jau, Arne maatte til. «Lat ungane leike seg,» sa frk. Hermansen, «so prater vi heller litt – det er likso mykje hugnad i det, tykjer eg.» Arne saag ikkje ut som han

var heilt einig, – «men han lyt nok bite i det sure eplet skal du sjaa,» kviskra [38] Aslaug til Helga. Dei hadde augo med seg desse to, og heldt seg gjerne i nærleiken naar det kunde gaa an. –

«Var det ikkje det eg sa?» Aslaug og Helga hadde funne kvarandre i «enkjemann vil ha make», no gjekk dei oppover paa plass og saag ikkje vidare blidt paa dei to som sat og prata. «Var det ikkje det eg sa?» sa Aslaug enno ein gong, «ho er ei jaale er ho, og du skal berre faa sjaa at ho øydeleggjer moroa for oss andre òg. Dei skal sjølv sagt sitte og prate baade den eine og den andre snart, naar ho først bynner, – og ho har ikkje stuva foten sin meir ho enn eg har stuva litlefingeren min, det kan du leggje bek paa.»

«Sa du noko til meg, Aslaug?» spurde frk. Hermansen so blidt som ei lerke.

«Eg sa, det var keidsamt du skulde stuve foten din so gale,» sa Aslaug og vart raud. Hadde ho høyrte noko tru? – Men pytt, ho kunde gjerne høyre det – ho kunde jamen ha godt av det òg.

Frk. Hermansen svara ikkje noko, ho vende seg til Arne og let dei andre vera luft for seg. «Har De lese Shakespeare, Ness? Hamlet t. d.?»

«Nei, det er lite det.» – Arne sat og saag etter dei som leika seg, og han spekulerte paa om det ikkje skulde gaa an aa røme unna baade diktarane og litteraturen.

«Ja daa har De verkeleg noko tilgode. Det er so menneskjelegt det Shakespeare skriv, tykjer eg, og festlegt. Ja Ibsen er festleg han òg, og Bjørnson sjølv sagt, men det er paa ein annan maate det. – Ibsen kjenner De sjølv sagt?»

[39] Jau, Arne meinte daa det.

«Ibsen har gjeve meg mykje maa De tru. Det er reint som ei oppattnying aa dukke seg ned i alle dei store diktverka – det er liv – det er oppseding; ja, eg kan ikkje faa sagt kva dei er for meg, skynar De.»

«Nei, det trur eg so gjerne.»

«Veit De kva? Somtid minner Helga meg so om Gerd i Brand. Eg er so snar til aa finne likskap millom dei eg kjenner og menneskior eg les om, eg – det er mest ei plaage somtid. De har daa lese Brand?»

«Ja, men eg kan ikkje sjaa likskapen med Helga –»



«Snakka De aat meg?» Helga stod straks framfor og hadde høyrte dei nemnde namnet hennar. «Nei daa. Eg sa berre du minnte meg om Gerd.»

«Gerd?»

«Ja, i Ibsens Brand. Men henne veit ikkje du av sjølvsagt, so det kan ikkje ha nokon interesse for deg.»

«Jau, eg minnes daa Gerd. Vi las Brand paa skulen siste aaret; og det er ikkje so lenge sidan eg gjekk ut, veit De.»

Det var ein og annan som løynde ein liten smil, men Arne fekk ei hosterid so han maatte opp.

«Det er undarleg med gjentungar i den alderen,» sa frk. Hermansen og reiste seg ho òg, «dei kan vera so nebbaate, – men ein faar daa tru dei veks det av seg, stakar.»

Dei høyrde det baade Helga og Aslaug, men dei vart staa-ande i beit for svar – dei fann ikkje noko som det var retteleg tak i. Dei snudde berre [40] ryggen til og less som inkje. Men skulde ikkje ho havt!! –

Arne kom og vart med i leiken. Dei sprang enkjemann framleides, og første gongen Aslaug skulde ut fanga han henne.

«Liker du ikkje frk. Hermansen du?» undras han.

«Liker? ho er eit asen er ho; og dersom du liker henne er du ei naut, – no veit du det.» Det letta utruleg aa faa sagt det, – det var plent det same om Arne lo. For det gjorde han. –

Forstuinga i foten gav seg tolleg fort – frk. Hermansen vart med i leiken og sprang med like godt mod som dei andre. Berre ein og annan gongen hinka ho litt.

«No kjem ho i tankar om foten att,» sa Helga daa; «ja, eller so treng ho nokon til aa stø seg paa.» meinte Aslaug. –

Kvelden gjekk fort. Det vart mørkt kring midnattesleite, men dei kasta berre meir kvist paa baalet og leika like godt. Det lyste alt av ein ny dag daa dei rodde heim.

Helga sat i agterskotten. Ho heldt fingerspiss sane ned i vatnet og kjende det som ei fysne aa vera so nær sjøen. Ho var trøytt og ansa ikkje større etter kva dei prata om rundt ikring henne. Det hadde vore ein morosam kveld det var visst, men ho

var liksom ikkje berre glad heller. Ho sat der med ei ørlita kjensle av tomleik eller – eller noko ho ikkje visste kva det var.

Ho skvatt til med at nokon nemnde namnet hennar. Det var frk. Hermansen.

«Eg kom berre til aa tenkje paa at mor di vist er vaskerkone? er ho ikkje?» sa ho smørblidt og <sup>[41]</sup>smilande. Helga raudna – ho var arg paa seg sjølv for det, men vart berre endaa meir raud.

«Jau?» sa ho og undras.

«Trur du eg kunde faa henne til aa vaske nokre klæde aat meg? so mykje eg slapp aa skrive heim etter endaa eit ombyte?»

«Jau, det gjer ho vist; dersom ho har tid og er frisk, so –.»

«Ho er daa ikkje daarleg vel?»

«Ne – eih.»

«Eg skulde sjølvsagt betale bra –.»

«Ja –». Det var ikkje noko anna aa svara til det. Det fanns ikkje ord for det Helga kjende inni seg likevel no.

«Vilde du spyrje henne for meg du kan hende?»

«Ja det kan eg; men eg veit ikkje visst kva dag eg faar gaa heim enno. Eg – eg er berre barnegjente hos fru Strøm, veit De, so eg maa be om lov først –; men har De tid til aa vente, so –.» Ho maatte segje det slik – det var liksom ein liten siger i det òg, likevel. Men ho var glad baaten skura opp i fjøresteinane heime med det same. Det var ikkje noko gale i det frk. Hermansen sa, men maaten ho sa det paa, – og so det at alle skyna det, skyna kva ho meinte. Og heldt med henne truleg. Ho vilde sette Helga til rettes paa den plassen der ho hørde heime, det var inkje anna ho vilde. Ingen ting. –

Helga saag ikkje opp. Ho orka ikkje sjaa medkjensla i andleta, smilen eller tilrettevisinga; – ho svelgde graaten som truga, og no visste ho kvifor ho ikkje var heilt glad i stad. Ho hørde ikkje heime her – ho hørde til i Vika, ho, hos mor. –

<sup>[42]</sup> Daa ho skulde hoppe i land retta Arne handa mot henne til hjelp som til dei andre, og ho var nøydd til aa ta imot hjelpa.

«Vil du hjelpe meg med baaten?» undras han, «du og Aslaug? So blir vi i fylgje oppover.»

«Eg skal so gjerne hjelpe til,» baud frk. Hermansen seg fram.

«Takk, det trengs ikkje. Helga og Aslaug greier det fint.»

Det var ikkje orda, det var ikkje tonen heller, men det var alt i hop som gav Helga modet att. Ho retta seg opp og saag roleg og aalvorsamt paa frk. Hermansen. «Eg er meir van med tungarbeid, eg,» sa ho, «so det kan falle lettare for meg aa ta i.» –

## Kvitkjolen

Det var siste dagen paa Ness. Det var uro og liv alle stader. Klæde laag og flaut utover bord og stolar, kuffertar stod opne og skulde pakkas for aa kjøyras paa stationen, – i eit rot alt i hop. Det fanns ikkje hyggje nokon stad, men moro var det likevel, fordi det var ant om og fordi alle for og sprang i vegen for kvarandre og undras og trong ei lita beinke no og daa – og takka for hjelpa og var blide. Alt i eit. – So gløymde dei det dei gjekk etter og maatte gaa paa nytt lag, so vart det laatt og ein grann terging og smaaprat og borthefting.

Dei hadde reist den eine etter den andre av byfolka ut gjennom vika – idag var det fredag og dei siste skulde iveg. Strøm sine var millom dei. Strøm sjølv hadde reist for fjortan dagar sidan, men frua var att med borna. –

Helga stod mest gjerandslaus oppi all annsemda – det var ikkje godt aa vita kva ein skulde ta seg til med – til Bitte vakna. So var ho so underleg til sinns òg. Det vart rart aa vera att aaleine – ingen Bitte aa anse etter og ingen ting elles heller, ho kom nok til aa sakne det kjende ho. – Helga skulde kome etter til byen straks over konfirmationen, men den maanaden som var att vilde mor gjerne [44] ha henne heime. Det gjekk ikkje godt an annleis for prestegonga heller. Slik hadde dei vorte einige om det fru Strøm og mor for nokre dagar sidan, og Helga var glad for det soleis òg, men – det var no fortienesta!

Det var so mange ting ho gjerne vilde havt til konfirmationen, og no vart det mykje mindre pengar enn ho hadde rekna med. Mest alle dei andre gjentone skulde ha kvit kjole, visste Helga; dei hadde snakka om det sist dei var hos presten, og endaa skulde dei ha ein kulørt ataat til overhøyringskjole. Men mor saag seg inga raad for den kvitkjolen. Ein svart var meir praktisk – det laut ho mest ha likevel no ho vart vaksi, og den kunde ho bruke baade i sorg og glede. Ein kvit fekk ho so lite bruk for, meinte mor. Og det hadde ho rett i, sjølv sagt; Helga sa ikkje større om det heller, men inni seg gjekk ho likevel og bad for denne kvitkjolen. So mykje ho vart som dei andre meir.

Paa eit vis var det gildt aa bli heime denne tida, men – hadde ho havt dei fem og tjuge krunor for september òg, so kunde det snart vorte til ein kvitkjole. Han turvte ikkje vera so overlag fin, naar han berre var kvit. – Men ho maatte vel kunne faa seg noko anna arbeid no i haustonna? Potetopptaking? eller med nepa?

Helga gjekk og funderte og tenkte denne fredagen. Fru Strøm skikka henne ut i sola med guten daa han vakna, so mykje ho fekk ro til aa pakke sjølv. Og so hadde Ane-Marta Ness laga til slikt eit festlegt kaffebord til dei skulde reise – fru Strøm vilde gjerne faa sitte iro og njote kaffen òg.

[45] «Vi maa nytte ut deg no med vi har deg her,» sa fru Strøm og smilte. Og Helga let seg gjerne nytte ut – det var ikkje so faarleg meint visste ho. –

Arbeid ja. Det var det at det vart venteleg i tidlegaste laget baade aat poteten og nepa endaa. Aat nepa i alle fall. Potetopptaking kunde det vel bli siste halvningen av september; men so var det haustarbeidet i Vika òg – det vart ho mest aa lite paa der og, visste ho. So det vart vel helst inga fortenest av likevel. Helga sukka ørlite grann, og la vekk kvitkjolen or tankane – svart var fint det òg, mest finare enn kvitt naar det bar til stykket. Naar ho berre ikkje hadde vorte so aaleine om aa ha det, so  
– – –

Dei var ferdige med kaffedrikkinga. Aslaug hadde vore baade høgt og laagt, baade ute og inne og sagt farvel, Helga hadde gjeve fraa seg Bitte og hestane var forspennte. Fru Strøm stod og skulde gjera opp med Helga.

«Det er skikkeleg to maanader du har vore her no?» sa ho.

Ja, det var to maanader beint, – dei par dagane over var for inkje aa rekne, meinte Helga.

«Det blir no ikkje rett det, veit du,» meinte fru Strøm, «skal vi segje beint seksti krunor, trur du?»

«Ja takk, men, – det er daa alt for mykje<sup>11</sup> det.»

«Nei, det er det slett ikkje, so flink som du har vore – det er so trygt aa ha nokon som ein kan lite paa, skal eg segje deg. – Ver so god, Helga, og so faar du ha takk for i somar.»

«Sjølv takk – og mange takk for pengane.» [46] Helga handtakka baade fru Strøm og Aslaug. So mange pengar hadde ho ikkje havt i hendene før i ein gong, og dette var hennar eigne. Ho var so glad. Ho vann ikkje tenkje stort, men det var mest som den vesle vona ho hadde gravlagt i stad tok til aa livne oppatt so smaatt. –

«So har eg ein pakke aat deg her,» sa fru Strøm att, «det skal liksom vera konfirmationsgaave fraa Aslaug og meg dette, skynar du. Det kjem litt for tidleg,

men det h vde no slik. – Og so maa du vera velkomen til byen, Helga, – eg tenkjer Bitte kjem til aa sakne deg eg. – Aa kj re, slit det med helsa, du – eg vonar du maa like det.» –

Helga stod med pakken i handa, det var ty kjende ho, og ho hadde slik hug til aa sjaa paa det, men ho kunde ikkje godt ta til aa opne heller, straks slik.

«Sjaa paa det daa vel,» sa Aslaug utolsam og smaatrampa. Hestane hadde alt venta ei stund og dei *maatte* i veg no, – ho hjalp til aa faa av hysingen og papiret. – Det var ty – det var det finaste, mjukaste kvite kjolety ein kunde sjaa for augo sine.

«Aah,» sa Helga langt og storaugd, «aa du, so fint –.»

«Det er heil ull,» sa Aslaug, «er det ikkje pent? Det var eg som fann paa det, maa du vita. Her er kvit underkjole  g. Det er papa som har kj pt det, og eg synes han har vore ordentlig flink. Ikkje sant?»

Aslaug stod med kaapa paa handa og skulde iveg, ho var paa farten kvar augneblink, men ho maatte h yre kva Helga sa, ho maatte sjaa om ho [47] ikkje vart svinagtig glad. For det var eit fint kjolety – heil ull-musselin, mann! –

Helga fekk ikkje til aa segje nokon ting mest; ho stod der med tyet i handa og skulde takke. Ho stod og leita etter ord, men fann ingen som h vde – ho tykte baade ho vilde graate og syngje.

«Dette er daa reint for gale det,» sa ho tilslut stilt og retta fram handa endaa ein gong.

«Takk,» sa ho.

Aslaug fekk ho berre vinka aat, dei sat oppi trilla alt og var paa farten. «Velkomen etter,» ropte dei. «Takk,» ropte Helga attende. Ho skulde koma og ho skulde vera baade flink og paalitande. Dei kunde vera trygge paa det. – Men no skulde mor gjera store augo naar ho kom heim – og bli glad! Tra-la-la-la, ho maatte syngje lite grann, det var so for morosamt aa vera til. – – –

Helga stod i kj kenet paa Ness og skulde by farvel til gardsfolket. Ho hadde pakka ned kl da sine og stod med pl det i handa. Ho torde mest ikkje sleppe det for ho hadde pengane sine og kjoletyet sitt der  g. Ane-Marta sj lv stod frammed kj kenbenken og ordna saman dei fine postelinskoppene – dei hadde vore brukt inni stova til kaffen. No tok ho brettet og gjekk inn med, men i d ra saag ho attende paa Helga.

«Kom inn litt, Helga,» sa ho «eg vilde gjerne snakke eit par ord med deg.» –

– So sat Helga inni stova paa ein stol nedmed døra, og plædet hadde ho paa fanget – det var nok ingen som lo aat det no lenger. Ho sat og undras paa kva Ane-Marta vilde – det tok slik tid før ho sa noko. Endeleg hadde ho ordna inn [48] koppane i kraaskapet, brettet hengde ho opp paa veggen, – og so vende ho seg mot Helga.

«Kva du skal ta deg til med denne maanaden før konfirmationen no daa?»

«Eg skal vera heime hos mor.»

«Ja, ho kan vel trenge hjelp mor di òg, tenkjer eg.»

«Ja.»

Ane-Marta sat og bretta paa ei avis, la ho saman gong paa gong og bretta ho ut att.

«Ho Ingrid kjem heim om tysdagen.»

«Ingrid?»

«Ja. Minnes du ikkje henne heller du kan hende?»

«Ja-au, men –.»

«Det er syster hans Arne, eldste dotter vaar og den einaste no.»

Ja, det var sannt det. Helga raudna. Eine syster hans Arne var daud for to aar sidan i tæring – ho minntes det vel naar ho tenkte seg om. Ho var to aar eldre enn Helga og heitte Liv – og so fekk ho tæring.

Det var det slaget i henne, hadde mor sagt den gongen, – det var det Helga minntes so klaart no og difor ho raudna.

Men Ingrid, den eldste hadde vore borte so lenge – ho var borte den gongen òg. Tru om ikkje ho var paa ein sjukeheim eller noko slikt? Og var det difor Ane-Marta hadde so vondt for aa snakke no maatru?

Ho hadde lagt ifraa seg avisa, men so hadde ho teke forklæsnippen i staden og sat og la saman og glatta til.

«Ingrid har vore paa sjukehus i fire aar no; [49] ho har turberkler i ei hoft, men no trur dei ho er bra – og no kjem ho heim daa.» Det kom so stilt, halvvegjes glad og

halvvegjes tvilande.

Helga visste ingen ting aa svara. Ho sat der og var baade vaksen og so ur lita og hjelpelaus. Ho hadde ikkje set Ane-Marta slik før – ho var gjerne so ferm og rakryggja og stød naar ho gjekk i arbeidet sitt. Ein smil hadde ho naar det høvde so, men kvasse ord vanta ho heller ikkje naar nokon trong det. Difor hadde Helga ei kjensle av at ho saag meir enn ho skulde sjaa no, meir enn eit menneskje gjerne syner fram aat framande. Og ho blygdes ved det. Og visste ingen ting aa segje – visste ikkje om Ane-Marta venta svar heller.

«Ho er ikkje sterk, Ingrid, skynar du; ho treng nokon om seg den første tida heime.» Ane-Marta snakka liksom mest aat seg sjølv heile tida. «Eg har gaatt og tenkt og tenkt – – ; og no skal du høyre,» ho vende seg beint mot Helga og var meir lik seg enn ho hadde vore paa ei heil stund, «eg har tenkt om du vilde gjera byttarbeid med meg? Eg kan faa karane her til aa gjera haustonna paa Vika, so blir du her paa Ness denne maanaden og hjelper meg? – Det vil segje, du skal hjelpe Ingrid. Gaa vendingar for henne naar ho treng det, stø henne naar ho vil gaa lite, og vera om henne stødt, so ho ikkje vantar noko. – Du skal faa løn, veit du. Eg har tenkt du kunde faa lereft til underklæde og eit blaatt stoffkjoleemne, so du fekk deg ein god og varm vinterkjole til du skal reise. Men dersom du heller vil ha pengar blir vi nok einige om det. – – Ja, kva meiner du so?»

[50] «Eg veit mest ikkje kva eg skal segje – eg maa vel helst snakke med mor først –.»

«Ja, det maa du sjølvsagt. – Det blir ikkje noko tungarbeid dette, skynar du. Men Ingrid er van med aa ha nokon om seg stødt no, og her har vi full sjau med haustonna, veit du. Eg vil ikkje ho skal langsamas og – og so er Liv borte no.»

Det siste kom mest som ei lita ufriviljug bøn, tykte Helga – ho fekk slik hug til aa vera god, til aa gjera nokon glad.

«Eg trur nok helst eg kjem, eg,» smilte ho litt brydd, «naar De treng meg, so –. Mor segjer vist ikkje noko om det, – ho vilde eg skulde hit ivaar og ho, som gjætar.»

«Men det var du ikkje huga paa, du? Nei nei, eg segjer inkje om det. – Men vil du hjelpe meg no daa?»

«Dersom eg berre kan so.»



«Eg trur ikkje nokon kan det betre heller. Eg skal segje deg noko, Helga – eg gruver mest for at Ingrid skal koma til aa sakne Liv so. – Vil du berre vera glad og kvikk og prate med henne, so – til ho liver seg inn i at Liv er borte. Ho veit det sjølvsagt, men det blir annleis aa koma heim og sakne henne alle stader er eg redd. – Takk Gud at du er frisk du, Helga.» –

Det var ikkje meir, skyna Helga. Ho maatte vel helst reise seg og gaa heim. Men so snøra ho opp plædet sitt i staden og tok fram det kvite kjoletyet. Ho kom slik paa det, at ho vilde syne fram det.

«Dette fekk eg hos fru Strøm og Aslaug, daa dei reiste,» sa ho.

«Nei gjorde du det? Det var vakkert, det,» <sup>[51]</sup> sa Ane-Marta og tok i det, «der faar du deg ein fin konfirmationskjole, Helga.»

«Ja, eg – eg er so glad for det.»

Helga hadde aldri trudd ho skulde koma til aa segje noko slikt aat Ane-Marta Ness, men no var det liksom ho maatte. Ho visste ingen annan maate aa faa synt henne skynsemd paa.

Og daa ho gjekk heim straks etter var ho so forundarleg glad, men ho kunde ikkje syngje no, for gleda var so aalvorsam. Ho gjekk og kjende det reint som Ane-Marta hadde heidra henne idag. Det var slik at ho tykte ho maatte gaa stillferdig og roleg heimover, endaa ho var mest huga til aa danse bortover vegen.

## Ingrid

Det sat ei ung gjente i ein armstol i stova paa Ness. Ho sat ved vindauget og saag utover fjorden mot andre landet – eller ho saag vel ingen ting helst. Det stod eit par krykkjor attmed stolen, og det var Ingrid Ness som sat der. Ho var skrøpeleg aa sjaa til, – so tunn og finlett, mest so ein kunde sjaa tvert igjennom henne, og hendene var smaa og kvite. Det laag eit drag av liding over andletet hennar, noko tanketungt og drøymande; men naar ho smilte var det som sola skein. Det lyste opp og vermde, det kjendes som ein hadde faatt ei dyrverdig gaave naar ho Ingrid smilte til ein. Og augo hennar var som skogviolen om vaaren, so blaa – og so gjøymde dei seg bort. Berre naar ho var glad saag ein dei heilt. –

Ho var so vakker tykte Helga, ho var slik at ein kunde gaa i elden for henne eller gjera det umogelege for aa sjaa henne glad. Ho var slik at ein maatte elske henne. Elske var elles eit svært ord, so heilag, det var mest ikkje til aa bruke i tankane ein gong. Men paa Ingrid høvde det. Henne maatte ein elske.

Ingrid og Helga hadde vorte vener fraa første dagen, endaa Ingrid var so mykje eldre. Ingrid vart vener med alle ho kom saman med – det [53] hadde seg slik. Det var so undarleg, – naar Ane-Marta kom uti kjøkenet om morgonen og Kari kom inn fraa fjøset med ei mugge sildrope aat Ingrid, daa var det første Kari spurde om:

«Korleis er det med a Ingrid idag?» Og naar onnefolket kom inn so spurde dei like eins: «Korleis er det med a Ingrid?»

Naar Ane-Marta eller Helga svara: «Jau takk, idag har ho det berre bra,» daa nikka dei og smilte og meinte paa det, at «hu Ingrid hu bli vel hu, skal de sjaa.» Og dagen var som han skulde vera, han var triveleg, dei prata og lo og det var som ein halvvegjes song over alt i hop.

Men hende det ein morgon at «hu Ingrid ha ikkje liti att augan' sin' inatt for pina ti hofta – det er ikkje rart med a idag,» – daa vart andleta aalvorsame, rørslone seine og varsame, stillferdig gjekk kvar til sitt og dagen vart lang og tung.

«Hu faar gaa igjennom hu Ingrid òg ja – det kjem rett an paa –», og dei mintes andre som hadde vore kleine, som hadde faatt sotta og kjempa imot og bukka under. Ungdom helst. Ja mest stødt var det ungdomen som maatte iveg. Naar tæringen fekk tak i ein so var det gjort – dei hadde aldri anna set. Og hu Ingrid, hu

saag ut som ein vindkjøl kunde blaase henne over ende. Jaja sa'n, det skal vera noko aat alle – det er bra med det. –

Slik var det paa Ness i haustonna. Det var ho Ingrid. Ho gjekk imillom dei med krykkjone sine og prata litt med dei alle naar ho var so lik; men helst sat ho i stolen sin inni stova. Ho sat [54] der berre og var til. Og det var ei storhending det. Slik kjendes det. –

Dei skar av idag paa Ness. Det var finver og dei var ute alle mann. Sjølv Helga fór og sprang og gav ei hand baade her og der. Ane-Marta var aaleine paa kjøkenet – og Ingrid vart sittande aaleine inni stova. Ho hadde det ikkje godt idag. Dei hadde sagt ho skulde bli bra no paa sjukehuset, men ho kjende det vel, det kom til aa bryte opp att. Ho vart aldri bra. Aldri frisk meir. Dag for dag vilde ho talmas og døy smaatt om senn. Aa, ho visste det vel!

Trudde dei ho var dumm naar dei kom og snakka som ho skulde liva paa aarevis framover? Ho aatte ikkje framtid for seg, og det visste dei alle, mor betre enn nokon, – men dei vilde ikkje vita det, vilde ikkje sjaa det. Trudde dei ikkje ho saag redsla i augo deira kvar gong ho hosta, – otten for det dei ikkje vilde sjaa? Aajau, ho saag det vel òg.

Berre Arne sa som det var. «Du er dømd du òg,» sa han – han tenkte ikkje vondt med det, han kjende det berre soleis. Som ein dom. Og Ingrid visste han hadde rett, men likevel gjorde det vondt.

Ein dag hadde han kome beinast fraa skulen opp paa sjukehuset, han var so full av beiskleik. «Eg har tenkt og tenkt paa kvifor det maa gaa slik med oss,» hadde han sagt; «og somtid trur eg at nokon atti ætta maa ha synda mykje. Kan hende har dei sultefóra husmennene sine so ungdomen kring i plassane ikkje fekk livevilkor? Difor døyr ungdomen ut paa Ness no skal du sjaa.»

Ho orka ikkje svara den gongen, orka ikkje [55] segje nokon ting, men orda laag att og sveid, dei var so harde og fælslege. Ungdomen paa Ness døyr ut no.

Nei, ikkje Arne, bad Ingrid. Ikkje han. Ein gong maatte det daa sonas om noko var synda! – Og elles so var det berre tøv dette, berre noko som Arne gjekk og pinte seg med. Det fanns ikkje hemn slik. Daa vart det meiningslaust alt. Naar folk berre lærte seg til aa verje seg mot sjukdomen, so – . – –

Ingrid reiste seg opp fraa stolen, tok eine krykkja og stødde seg paa og saag paa onnefolket nedpaa rabben. No var dei snart ferdige med skurden i aar òg. Ein gong

sprang ho òg nedpaa der og hjelpte til, og somtid hefta ho bort. Ho plukka jordber den tida, i ein stor blaarosaat tekopp utan hank, – og fekk sukker og fløyte hos mor naar ho kom inn. Tru om det fanns jordber der no om somrane? – Aa, den som kunde springe som før ein einaste dag berre, den som kunde kjenne seg frisk so ein fekk vera med i arbeidet att, ei lita stund om ikkje meir!

Augo rann fulle av taaror, ho fekk ei hosterid og seig saman i stolen att. Ho gret. Det var so vonlaust alt i hop, so meiningslaust. –

Det kom nokon opp trappa og inn i gangen. Ingrid tok seg saman, men ho vann ikkje turke vekk alle taarone før Helga kom inn med ein kumme med store raude tyteber.

«Eg fann dei nedst nedpaa rabben,» fortalde Helga, «dei var so store og fine, eg tenkte du kunde vera huga paa nokre?»

«Ja takk skal du ha, dei var sanneleg fine,» [56] Ingrid tok imot dei og smakte paa eit par. Ho fór som snarast med handbaken over augo og saag ikkje paa Helga. Ho tok endaa nokre ber og beit i, og vart roleg med kvart.

«Ho held vel paa med skurdgrauten, ho mor?» undras ho.

Ja, Helga meinte det. Ho hadde ikkje vore i kjøkenet paa ei stund, men dei skar no av til nons, so det var helst truleg.

«Det skal bli godt aa faa graut,» sa Helga for aa segje noko. Det vart so stilt, det var ingen ting aa segje som det var meining i; ho hadde set taarone hennar Ingrid og skyna ho hadde det vondt.

«Er han verre foten idag,» spurde ho stillferdleg og vár.

«Verre? – Eg veit ikkje, eg. Somtid synes eg han er verre kvar dag. Eg blir ikkje bra meir, eg blir aldri bra; – og daa eg saag deg nedpaa rabben i stad ynskte eg so at eg kunde vera frisk ei lita stund berre. Nei, du skal ikkje segje imot meg – trur du ikkje eg kjenner det daa? – Lat meg faa snakke ut ein einaste gong – til deg i alle fall. De veit daa so vel alle at eg blir ikkje frisk meir, de høyrer daa hosten min og de veit det verkar i ryggen òg no. Trur du ikkje dei visste det paa sjukehuset? Dei vilde berre eg skulde faa heim og døy, dei! Men det er ingen som vil segje noko, de gaar der berre og tegjer og tegjer og er redde og omsynsfulle. Aa Helga, om du visste kor vondt det er! Somtid ynskjer eg, at eg maatte faa døy no straks – det var det beste baade for dykk og meg. Men so vil eg liva likevel, eg vil liva. Nei, lat meg

berre snakke høyrer du.» Ingrid <sup>[57]</sup> var so oppøst at Helga vart med seg og freista roa henne – ho stod der og visste ikkje kva ho skulde gjera, korleis ho skulde hjelpe, ingen ting kunde ho segje og hendene var berre i vegen.

«Dei ber seg for arbeidet some, for slitet,» tok Ingrid i att, «dei har for mykje aa gjera, segjer dei. Eg skal segje deg eit, eg, – dei skulde takke Gud paa knea sine for arbeidet. Fordi dei faar lov til aa arbeide. Naar dei visste korleis det er aa sitte gjerandslaus aar etter aar, korleis det er aa ikkje kunne arbeide fordi ein ikkje eig krefter til det! Aa, dei sa aldri eit ord, dei takka for kvar ny dag dei fekk ta fatt. – Eg sit her berre i vegen for alle, eg, – og eg veit korleis det kjennes.»

«Nei, nei,» Helga laag paa kne nedmed Ingrid med hendene i fanget hennar, ho gret og leita etter ord til trøyst; det var so vondt alt i hop, so vondt aa sjaa kor Ingrid leid, og her gjekk dei ilag og visste ingen ting om kvarandre, «nei, du er ikkje i vegen for nokon – du faar ikkje segje slikt. Det er berre deg vi tenkjer paa alle, og korleis trur du det vart for mor di eller far din om du ikkje var her? – Det er ikkje arbeidet berre som er noko heller, det kan ikkje vera det. Ikkje det arbeidet som eg kan gjera eller Kari eller vi som slit – det er daa mange slag arbeid òg. – Det veks tiriltunge i dørabrua heime, det er ei sprunge i steinen skynar du; det er dørabrua det er gagn i, sjølv sagt, det er den vi trampar paa, men det er tiriltunga eg er glad i. For ho er so vakker, ho er som solskin – og det er du òg. Det er akkurat som sola skin naar du smiler aat oss og er glad, og daa er du ikkje i vegen. Kan du ikkje skyne kva eg meiner, <sup>[58]</sup> Ingrid? Seg du gjer det, – vi treng solskinet, skyner du.»

Helga ansa ikkje taarone, ho turka berre av kinnet sitt paa skuldra ein gong –; men ho maatte faa Ingrid til aa skyne, maatte faa henne glad att; og orda kom fløymande, dei snaava over kvartanna, men dei kom. Og verkeleg smilte Ingrid lite grann – det var ein ur liten solstraale som braut seg gjennom uversskya og taarone.

«Du er undarleg du, Helga, – den tiriltunga vilde eg gjerne set.»

«Ho er ikkje noko vidare no kan du vita; men du skulde set i somar –»

Dei tagde baae, det fanns ikkje ord som var høvelege nett no. Men smaatt om senn kom dei seg til ro att.

Helga sat og togg paa noko ho vilde segje, men so visste ho ikkje om ho kunde. Det var noko ho hadde kome i tankar om i stad, daa Ingrid gav seg so reint over.

«Du,» ho hadde reist seg og stod og fingra med eit langsjal som var slengt over ein stolbak, «dersom du vil – dersom du synes det er nokor mun i det so – so kan eg

godt vera her i vinter. Eg kunde skrive til fru Strøm straks, veit du. – Det er ikkje so faarleg med løna, skyner du; men dersom du treng nokon, so –.»

Daa braut solstraalen heilt igjenom, og vermde. «Takk Helga, men det vil eg ikkje. Det er ikkje fordi eg ikkje treng deg, men – eg vil du skal faa koma ut. Eg vil ikkje stengje for deg.»

«Det gjer du ikkje likevel.»

«Nei, det kan so vera. Men mor faar betre [59] tid i vinter og – eg vil det ikkje likevel. Men dersom du vil skrive aat meg, so ofte du kan – eg vil so gjerne høyre fraa deg –.»

«Ja, det skal eg lova deg, men – eg er ikkje so svært flink til aa skrive og – eg kunde so godt vera her dersom du vilde, og mor di vilde sjølvsagt.»

«Ja takk, men –; veit du det er tæring eg har? baade i lunga og hofta og i heile kroppen truleg?»

«Ja?»

«Det er smittsamt.»

«Eg blir ikkje klein lel, eg.»

«All ungdomen paa Ness døyr ut sa Arne til meg ein dag.»

«Det veit ikkje han noko om. Han skulde ikkje segje slikt synes eg. Han –.»

«No?»

«Nei, det var ikkje noko.»

«Jau, det var det. Seg det daa!»

«Nei, eg vil ikkje. Det var ingen ting heller.»

«Kan du ikkje segje det, Helga? Du liker ikkje Arne?»

«Ja-au, det gjer eg vel, men – det var mykje rettare han hjelpte deg aa kjempe mot sjukdomen enn aa segje slikt synes eg.»

«Han meinte ikkje noko vondt med det, kan du vita. Han trur det er slik berre.»

«Ja men eg skyner ikkje at han kan gjeve seg over og tru slikt. Dersom eg var han, so – ja so kjempa eg imot det eg vann, trur eg. Naar ein retteleg vil noko, so –.»

«Det er ikkje sagt det er berre viljen det kjem an paa heller. – Men vil du gjera meg ei tenest, <sup>[60]</sup> Helga? Vil du segje dette til Arne sjølv, dersom du treffer han naar du kjem til byen?»

«Kvifor det?»

«Nei ikkje for noko sers. Men vil du ikkje segje det lel?»

«Jau, det kan eg vel. Men det er ikkje sagt eg treffer han.»

«Det kunde no hende –.»

Ane-Marta kom svintande inn, varm og forkava etter grautkokinga. Ho skulde bort i skapet etter sukker og kanel til grauten.

«Korleis gaar det med dykk?» undras ho. «Du skal vel ha skurdgraut du òg, Ingrid?»

«Eg har no ikkje gjort rett for nokon eg, men –»

«Nei du veit det; men alle kan ikkje vera i aakeren hell. Helga hjelper meg lite, ho, so ber vi inn grauten aat deg.»

«Takk, men eg er vist so lik eg kjem uti aat dykk eg, mor, dersom du vil ha meg der –?» «Naar du berre ikkje røyner deg for mykje, so –.»

Ane-Marta var alt ut gjennom døra att – dei høyrde onnefolket paa tunet og ho hadde annt om. Men dei saag ho var glad daa ho gjekk, gonglaget var straks lettare.

Og daa Ingrid kom uti kjøkenet smilte dei mot henne alle, og faren var etter ein god stol og sette til rettes attmed plassen sin. Han sa ikkje stort, men daa dei vel hadde sett seg til bords reiste han seg att og gjekk inn etter langsjalet og la om skuldrane hennar. «Det kan snart bli hustrigt aat deg,» sa han.

<sup>[61]</sup> Helga kunde ikkje anna, ho maatte sjaa paa Ingrid alt i eit. Ho hadde slik hug til aa kviskre til henne: «Der kan du sjaa – der kan du berre sjaa om ikkje eg hadde rett.» Men det trongtes ikkje, skyna ho. Ingrid maatte sjaa det sjølv no, at dei kunde ikkje vera henne foruten.

## Konfirmationssundagen

Helga fór og svinta ut og inn i dørene paa Vika. Ho hadde det annt om, det var so mykje som skulde gjerast, so mykje aa sjaa over og koma til rettes med. Det var sundagsmorgon – og konfirmation idag. Og ho hadde vore paa Ness heilt til igaar. Ingrid hadde snakka iat ho kunde vera der idag òg, so bad dei dit mor og Margot og Erik og heldt som eit lite lag paa Ness. Det vilde vera so triveleg det, meinte Ingrid. Men Helga vilde ikkje. Ho hadde det i seg heile tida, at ho vilde vera heime denne sundagen. Sjølv om mor kom til Ness, so vart ikkje det like eins lel. Og mor og Margot hadde vaska rundt og pussa og stelt og laga til fest heime i Vika, visste Helga. Jau, ho vilde heim.

«Det maatte daa vera like bra her naar du hadde dine om deg,» hadde Ingrid sagt, daa Helga hadde pakka saman tølone sine og skulde gaa igaar. Det var so vondt aa gaa ifraa Ingrid slik – ho meinte det so innerleg vel alt i hop og Helga visste det var eit lite vonbrot for henne at ho ikkje vilde vera paa Ness i helga.

«Du vilde ikkje ha vore i Vika konfirmationsdagen din du heller,» hadde Helga svara.

[63] «Nei, det vilde eg vel ikkje,» hadde Ingrid sagt so sjølvsagt, at Helga raudna.

«Eg er like glad i Vika, eg, som du er i Ness,» sa ho og det var baade litt trass og byrgskap i røysta.

Og no var det Ingrid som raudna. «Eg meinte det ikkje slik,» sa ho, «eg er daa i grunnen glad for at du vil heim; men det er berre det at eg kjem til aa sakne deg so her. Og so vilde eg so gjerne set deg i den kvite kjolen din.» –

So gjekk Helga heimover. Og ho gjekk og tenkte paa om dei ikkje kunde be Nessfolket til Vika sundags ettermiddagen – eller til middag helst, so fekk Ingrid sjaa henne naar ho kom fraa kyrkja. Hans Fjerdings skulde dit likevel, det hadde mor og ho snakka om for lenge sidan. Hans hadde vore so staut ifjor daa mor var sjuk so lenge, og han hadde hjelpt dei mange gonger elles òg naar det kneip som verst, so det var so sjølvsagt at han maatte til Vika naar det var høgtid. Og Hans og Erik fekk nok til fisk; dei trong ikkje stort anna hell – lite til supe eller raudgraut maatte dei vel faa til ataat. Helga hadde tenkt igjenom alt i hop, og daa ho kom heim la ho ut aat mor. Om ho ikkje trudde det gjekk an?



Hm, det var no so sin sak aa be heim kona paa Ness til Vika, drog mor paa det. Men dei hadde no vore so staute mot Helga paa alle vis, so det var vel ikkje meir enn høveleg heller.

Nei, ikkje sannt? Og Ane-Marta var ikkje det slag stor paa det – det maatte dei berre ikkje tru; det var ikkje verre aa ha henne enn nokon annan for den deil. –

[64] So vart det til at Helga gjorde seg ein vending til Ness laurdagskvelden att og bad heim baade Kristen og Ane-Marta og Ingrid. Det var om det, at ho trega seg daa ho hørde at Arne skulde koma heim i helga; men det var inga raad med det no, han fekk vel vera med dei andre naar det hōvde slik. Elles var det vel ikkje sagt han vilde vera med heller, naar det bar til stykket. Det skulde i grunnen bli artig aa sjaa –.

– – Det gjekk so glatt alt laurdagen daa ho tenkte paa det; men sundagsmorgonen daa dei skulde bu seg til aa ta imot framandfolket var det verre. Det var no so sin sak, tenkte Helga òg daa. Ho rekna over handfenget og talekane – hadde dei knivar nok tru? og talekar som ikkje var skalaat eller sundsprukke? Det var nok alt med seg det helst. Ho leita saman og pussa opp, so ho fekk det til, og naar dei fann fram dei gamle blaarosaate etter mormor, so vart det talekar nok òg. So maatte dei bu til maten og pynte, og so skulde dei fli seg. Mor meinte ho fekk vera heime fraa kyrkja, ho, so tok ho imot framandfolket paa skikkeleg vis. Men Helga sa nei. Det fekk vaage seg med alt det meir, men til kyrkja skulde dei alle.

«Ane-Marta Ness bruker høikasse, ho,» fortalde Helga, «eg skal finne i ein kasse eg, so hjelper Erik meg lite grann. Berre vent no, so skal de sjaa, eg skal nok faa det til. – Vi set potetene i høikassen, so er dei ferdige til vi kjem heim. Jau, dei er, du skal berre faa sjaa! Kjøttkaka og raudgrauten er ferdig før og fisken koker opp paa ein augneblink. Du skal sjaa det skal gaa, mor. Berre stell deg, du.»

[65] Og Helga svinta ut og inn. Det stod nokre ringblomar att i den vesle hagen, dei plukka ho inn og sette paa bordet. Dei lyste opp som ei helsing fraa sola og somaren. Ho maatte stane litt og sjaa paa all stasen med det same ho var inne, paa kvitkjolen og dei mjuke kvite hosone som mor hadde spunne og bunde utover hausten, nyskoene og den blaa stoffkjolen fraa Ness. Paa kaapa og hatten. – Og paa bordet laag nytestamentet fraa mor og ny salmebok med prenta namn paa. Den var fraa Erik og Margot stod det inni – det var helst Erik som hadde seld fisk og spara ihop skilling paa skilling og kjøpt salmebok for. Til Helga fraa Erik og Margot hadde han skrive sjølv med store fine bokstavar. Til minne om konfirmationen, stod det under.

Margot stod attmed henne. Ho hadde gaatt i hælane paa Helga baade igaarkveld og no heile morgonen utover; det var so forundarleg det som skulde hende idag, ho maatte vera med, tykte Margot.

«Er det ikkje fin bok?» spurde ho.

Jau, det var storvegjes, tykte Helga.

«Du kan tru ho kosta,» fortalde Margot, «mor maatte legge til litt ho òg, for Erik hadde for lite, men han vilde ho skulde vera so fin, skynar du. Og ho skulde faa det att sidan, sa han.»

«Eg synes de har vore flinke, eg, som har faatt det til alt,» sa Helga.

«Ja, synes du ikkje det? Men du kan tru vi har klemt paa. Erik har ikkje vore trollaat nokon gong paa lenge. Han blir snart full kar no, sa Hans daa dei kom med fisken igaar; og daa kan [66] du tru Erik vart kry. Han vil mest ikkje leike seg med nokon ting meir, veit du. Eg vilde ha han til aa hjelpe meg med skjelfjøset mitt, eg; men han sa det var berre tatl, han hadde ikkje tid til slikt, sa han.»

Helga maatte smile, – ho saag so tydeleg Erik for seg med hendene i bukselumma, og vaksen.

«Tergar han ikkje Potifar meir heller?» undras ho.

«Jau, du kan tru! og ein dag no att flaug hannen paa han. Men mor sa ho skulde fortelje det til deg, dersom Erik ikkje var skikkeleg, og sidan har han vore nokso bra.» Margot prata og fortalde, og Helga stod og kjende at no var ho heime. Slik var det i Vika, og ingen annan stad kunde det bli som her.

«Kor har du skjelfjøset ditt no?» undras ho.

«Borti haugen. Men eg skal faa ha det inni kammerset i vinter, sa mor, – eg skal faa i ein fin kasse. – Eg var med Hans og Erik borti Vakkerfjøra og plukka sølvskjel ein dag òg, eg. Du kan tru eg fann ein fin kalv, men den har eg ikkje i fjøset.»

«Du? kan ikkje eg faa hjelpe deg aa faa det istand før eg reiser? Vi kan gjera det i morgon eller tysdagen –?»

«Vil du det? Aa du, vi skal vel faa det til fint –.» Margot var ikkje god for aa staa iro lenger, ho maatte ut i kjøkenet aat mor; og det skulde ho fortelje Erik, ja, at Helga var ikkje det grann kry, ho, om ho vart vaksen òg. –

Helga tok nytestamentet og saag paa det. Nytt og fint med gyllt namn. Helga Vik stod det. Og [67] inni hadde mor skrive: Stol du kun paa dit fadervor, lad dig derfra ei forlokkes! Himmel og jord engang forgaar, aldrig dog fadervor rokkes; det er Guds ord i barnemund, klippe og skjold i farens stund, pant paa Guds-faderligheden! Til minne om konfirmationen! fraa mor.

Augo hennar Helga var blanke av taaror daa ho la testamentet innaat kinnnet sitt. «Mor,» sa ho inni seg, «kjære kjære mor.» Ho saag seg skygg ikring, men der var ingen. Daa la ho saman hendene og bad «Fadervaar» stilt og innerleg. «Hjelp meg aa bli god og snild,» bad ho tilslut, «hjelp meg, Gud.» – So gjekk ho inni kammerset til mor for aa takke henne.

«Du har so lite aa takke for,» sa mor og tok Helga innaat seg ein augneblink, «det er so lite det eg kan gjera for deg; og det er so mykje eg gjerne vilde segje aat deg no idag. Men det er mest som det kjem bort for meg no naar eg har deg her. Kunde eg berre gjera noko for aa verge deg fram gjennom livet, mot alt som blir tungt og vondt. Men du maa vel gaa vegen du som vi andre, Helgamor. Og so maa Gud signe deg baade idag og sidan.» – –

– Daa dei i Vika mest var ferdige til aa gaa til kyrkja, kom Arne køyrande med trilla fraa Ness. Han heldt paa og skulde segje noko, daa han saag Helga kvitklædd og lite bleik og høgtidsam, men so tok han seg i det og tagde.

«Mor vilde Helga skulde køyre til kyrkja idag,» sa han berre; «det er ruskever og uførslegt aat kvite hoser. Gjer dykk ferdige og kom alle saman – eg skal heim etter mor og far etterpaa.»

[68] «Nei, men dette er daa reint for gale,» sa Karoline i Vika og visste mest ikkje kor ho skulde snu seg, «vi gaar daa so godt det vegstykket – vi er daa vane med aa gaa –.»

«Ja, det var det mor sa – Helga hadde ikkje faatt nokon køyretur med ho var paa Ness, sa ho. So skal det bli, maa det helst bli no.»

«Ja, du skal ha takk, men –.» –

Det vart snunad med aa faa paa seg. Margot var ikkje viss paa om ho vaaga gaa ifraa hesten og trilla, – dei kunde vera borte naar ho kom ut att. Men daa Arne la fraa seg taumane og gjekk inn, vaaga ho seg til ho òg. –

Arne hadde med ein liten pakke til Helga fraa Ingrid. «Eg skulde helse deg fraa henne,» sa han, «ho undras paa om du vilde ha paa dette i kyrkja idag, difor sende ho det med meg.»

«Ho kjem daa vel hit?» spurde Helga ottefull og tok imot pakken.

«Ja, det gjer a, men ho kjem ikkje i kyrkja.»

Det var eit gullkors i pakken, med kjede til aa henge rundt halsen.

«Aanei,» sa Helga berre og tok litt etter anden.

«Liker du det?» undras Arne.

«Aaja!» Ho retta fram handa og smilte til han. «Du faar hels' a so mange takk til so lenge.»

«Ja, slit det med helsa,» sa Arne og heldt i handa. Han saag so undarleg paa henne, at Helga vart baade brydd og raud.

«Eg treng mest handa mi sjølv, eg,» sa ho og freista læ. Ho rykte til for aa sleppe laus.

«Ja, det gjer du vel – eg hadde so nære gløymd det eg,» sa Arne og slepte handa. Han lo ikkje [69] heller, han. Han gjekk beint ut og tok taumane og prata litt med Erik og Margot med han venta. Mor hjelpte Helga aa faa paa korset, ho kytte av kor vakkert det var og prata litt om Ingrid og spurde etter henne. Og Helga svara eit og anna ordet som det fall seg, men det var ikkje Ingrid ho tenkte mest paa no. – –

Det gjekk fint med middagen. Maten var god og ikkje var det trongt heller. Dei kom i godlaget alle, daa Karoline bad karane ut i kammerset so mykje dei kunde faa seg en røyk etter maten. Det var vondt aa sjaa at dei skulde sakne noko, let ho, so dersom dei vilde ta til takke uti kammerset, so –. Det vilde dei meir enn gjerne, og Kristen Ness og Hans Fjerdingen kom snart i godprat. Det var sjøen og det var jorda, det var hausten og avlingen og so silda som vart borte aa segje, – nei, dei minntes før i tida eller berre for nokre aar sidan, det var so mykje fin sild, at det var eit syn aa sjaa. – Erik heldt til uti kammerset hos karane, han tykte han hørde til der.

Men Arne sat inni stova. Han røykte ikkje, og skodde kunde det bli nok av lel utover hausten om han ikkje skulde sette seg til i tokbaksskodda. Han sat og saag paa alle korta Helga hadde faatt fraa kameratane sine og spurde om eit og anna

namnet som han ikkje kjende. Helga og Margot bar ut og vaska koppar. Helga skulde sitte inne idag, meinte mor; men ho bad for seg.

«Det ser so bakvendt ut, at du skal gaa og eg sitte – eg kjem til aa faa vondt i føtene av aa vera iro, det er eg viss om. Kan ikkje eg ta paa meg storforklædet ditt, so sett du deg og pratar [70] med framandfolket. Eg kan henge over kaffen og, eg.»

«Han Lars og varmen kan eg passe,» baud Arne seg til.

«Nei, det gaar ikkje an lel,» Helga var reint forfælt.

«Gaar ikkje det an? Du skal faa sjaa det. Trur du ikkje eg kan koke kaffe? Eg kan hjelpe dykk aa bera ut og, eg; gaa berre og bynn med oppvasken. So, marsj avstad, Margot!» –

Helga og Margot og Arne romsterte uti kjøkenet og lo og prata. Dei skramla med koppar og sølte med vatn, og «sjaa, om det ikkje gaar fint,» sa Arne, han kvelva utor skuffa all kaffen han hadde malt.

«Nei, no trur eg du er paa styr,» ropte Helga og vart med seg, men ho maatte læ lel. Dei fekk male ny kaffe – bra, det fanns meir i posen, tenkte ho, ho hadde litt samvit for den kaffen som fór i golvet.

«Det er ikkje stort aa trege paa,» sa Arne, «det er no storparten gift, veit du.»

Ingrid trudde ikkje Arne gjorde stort anna enn ugagn naar han skulde hjelpe til – og det gjorde han vel òg det. Men det var rart med det lel, det gjekk baade fort og vel aa faa ihop etter middagen og bu paa veg til kaffen. Helga visste ikkje ordet av det før dei var ferdige. Ho løyste av seg forklædet og gjekk inn og sette seg.

Arne hadde funne fram ei gamall songbok som han sat og bledde i, og smaatt sulla han paa ein tone.

«Skal vi ikkje syngje litt?» undras han. Jau, [71] det vilde dei vera med paa, alle. So song dei «Herre, tag i din sterke haand» – «Du gamle mor» – «Kirken den er et gammelt hus» og mange fleir. Dei song slik at dei narra karane inn fraa kammerset og tobaksrøyken til aa høyre paa. Og somtid song dei med dei òg.

Nei, so meinte Karoline dei fekk ta kaffen med han var varm – dei kunde halde fram med songen etterpaa, dei hadde kvelden for seg.

Det vart ikkje berre song heller, det vart prata tidomtil og kaffen var overlag god, kytte dei. Kristen Ness kom jamvel slik i godlaget at han reiste seg med koppen i handa og heldt ein heil liten tale for Helga. Han vilde ynskje henne til lukke med dagen og at det maatte gaa henne bra fram gjennom tida. Det var mest synd at ho skulde til byen no, men det kunde vel vera godt for noko det med. «Hald berre fram som du stemner, du Helga, so ynskjer vi deg velkomen att ein dag. – Og so faar du ha takk for det du har vore for Ingrid – og oss andre paa Ness – denne tida.» –

Det vart so stillt og høgtid samt etterat Kristen sette seg att. «Ho er so vakker der ho sit,» sa han til mor hennar, «eg er mest huga til aa takke for at ho er til. Det gjer godt aa sjaa frisk og god ungdom.» Han sukka litt, og so var det som kvar hadde nok med seg og sitt ei stund.

Daa reiste Hans Fjerdingen seg òg. Han var ikkje so mykje for synet nett – ein halvgamal fiskar, versliten og duknakka stod han der og famla etter orda. «Eg kan ikkje halde tale, eg,» sa han, «og det skal eg ikkje gjera hell det, men – det var noko eg vilde segje lel. Det var det at han Hallvor <sup>[72]</sup> i Vika er ikkje meir, han; men vi vil minnas han lel, fordi han var no far hennar Helga, og so mest fordi han var ein bra mann, han Hallvor. Ja, det var ikkje meir eg vilde segje, eg; men eg kom paa, at det hadde nok vore gildt for han òg, om han hadde set a Helga idag.»

Han tok kaffekoppen og tømde han i eit drag og so sette han seg.

«Takk,» sa Karoline berre og gav Hans handa – ho tok forklæsnippen og turka vekk taarone. Og Helga smilte til han med store blanke augo, ho var ikkje god for aa segje noko. –

«No syng vi ein song,» sa Arne, «det er ein som er so vakker, synes eg. «Guds fred over huset hvor kjærighed bor» –.

Han vart mest aaleine om aa syngje. Dei tok i med ein og annan gongen dei andre òg, men røysta var uklaar, so det vart ikkje stort med dei.

Helga gjekk uti kammerset. Ho let opp vindaugget so ho kjende lukta fraa fjøra og hørde sjogen fraa fjorden. Ho tenkte ikkje noko klaart, kjende berre at her var ho heime, her var ho lukkeleg. So lukkeleg at ho maatte vera aaleine ei stund. – –

– Daa framandfolket baud farvel om kvelden sa Ingrid til Helga: «Du har ein god og triveleg heim, du Helga – eg skynar so godt at du ikkje vilde vera paa Ness idag.»

«Det er triveleg paa Ness òg.»

«Ja. Men idag var det trivelegare i Vika. – Du kjem vel bortom meg før du reiser?»

«Ja, eg trur det.»

[73] «Kom ein liten snarvending om ikkje anna – og so maa du hugse paa aa skrive.»

«Ja, det kan du vera trygg paa – dersom eg berre faar det til, so –.»

«Det gjer du vel, naar du vil. Godnatt daa!»

«Godnatt, Ingrid.» –

Helga stod ute med ho høyrde duren av trilla. Der køyrde Ingrid heim for aa slutte med livet snart, mest før ho hadde bynt – og ho sa ikkje stort om det hell. «Hadde ho bedt meg vera paa Ness i vinter,» tenkte Helga, «so hadde eg gjort det, og ikkje tenkt paa noko anna. Men – eg er glad eg skal til byen likevel.» – Ho høyrde toget tute borti ein skjering – det hadde bod til henne ikveld. Om to-tri dagar, dura det, om to-tri dagar berre er du òg med. Daa var ho vaksi gjente og skulde greie seg sjølv. Og attaat skulde ho hjelpe mor. Aa, det var godt aa vera ung og frisk og ha noko aa gjera! Det var livet det, og lukke. –

Det var stjerneklaart og fin ver, lite kaldt; men det var so undarleg – ho kom braatt til aa tenkje paa den maasen ho saag første dagen ho gjekk til Ness i somar. Han flaug mot uversskya og var so kvit og vakker. Han flaug berre iveg og gav seg ikkje. Og no skulde ho og iveg, tenkte Helga. Det var ikkje sagt ho visste meir framfor seg ho enn maasen.

# I BYEN

## Kjære Ingrid!

Takk for sist. No har eg vore i byen ei vike, og det er baade lite og lenge. Tida gaar fort, men likevel synes eg det er lenge sidan eg reiste heimanfraa. Det staar til bra med meg, og det vonar eg det gjer paa Ness òg. – Det snødde her idag, og no undres eg paa om det er snø heime? Daa kjem vintren tidleg iaar.

Eg ser mykje rart kan du tru, – det er so mykje som eg undres paa kva dei brukar det til. Og naar eg ser alle dei fine klæda og all stasen so er det rart aa tenkje paa at det finns folk som har raad til aa kjøpe det. Det er mest som eit eventyr. –

Her har folk det annsamt. Dei renner om ein annan og somtid ser det ut som dei gjer ingen ting, – eg har aldri set so gale. Fru Strøm har ikkje vore heime meir enn ein kveld denne vika; anten er det møte eller so er det selskap. Strøm er mest ikkje aa sjaa, og Aslaug har skulen. Ho skal konfirmeras til vaaren, men ho skal gaa paa skulen neste vinter lel.

Ho gaar og speler piano og somtid sit eg og Bitte inne hos henne naar ho speler. Ho skal øve seg ein time kvar dag, segjer ho, men somtid trur eg det blir ein stutt time. Ho har ikkje hug til [78] aa spela, men mor hennar vil det. Det er i grunnen rart, at dei som kan faa alt, dei bryd seg ikkje om mest noko; men dei som gjerne vil lære baade eit og anna, dei kan ikkje faa det, fordi dei ikkje har pengar. Somtid ser det ut som Gud ikkje har nokor skikkeleg meining med det som hender, synes eg. – Ein kveld var eg med Aslaug i kino.

Eg hugsar ikkje kva stykket heitte no – det var slikt eit rart utanlands namn; men det var undarleg aa sjaa. Dei kasta seg uti eit vatn fraa taket paa eit overlag høgt hus – kan du skyne korleis dei faar det til? – det var fælt aa sjaa syntes eg; men det var vist berre morro, for dei lo alle saman. So var det musikk paa torvet ein dag; daa var eg ute og trilla Bitte og so hørde vi paa. Det var vakkert. Og det var fullt av folk som gjekk og hørde paa, endaa det var midt i vika. Det var vel slike som har god raad truleg, so dei ikkje treng arbeide. Eg saag frk. Hermansen – ho som var paa Ness i somar, men ho saag ikkje meg endaa eg gjekk tett forbi henne. Eg tenkte



eg skulde snakke til henne, men ho gjekk saman med ein fin mann, og so vart Bitte uroleg òg med det same. Men det var moro aa sjaa eit kjent andlet, tykte eg, endaa eg ikkje liker frk. Hermansen noko vidare. – No veit eg ikkje meir aa skrive om. Det er ikkje noko vidare dette brevet, men eg er so trøytt. Eg sit oppe og ventar paa fru Strøm og Aslaug, dei er i dameklubb trur eg dei kallte det, – og eg kan ikkje legge meg fraa Bitte. Eg skal skrive likare ein annan gong. – Eg trives bra her, men det er mykje eg ikkje liker òg. Dei gjer narr av meg naar eg snakker somtid, men eg faar ikkje til [79] aa snakke fint, eg; og so er det so toskaat aa gjera seg til synes eg.

Dersom vi hadde lært riksmal paa skulen, so hadde det vore lettare no kan hende. Men kvifor er ikkje vaart maal likso fint som byfolka sitt? Det undres eg paa somtid. Og kvifor er det finare aa gaa og ingen ting gjera og vera fin berre, enn aa arbeide? Dersom alle gav seg til aa gaa finklædde og lovare, – eg undres paa korleis det vart daa eg? – Nei no maa eg slutte, elles blir det berre tull til slut. Men du bad meg skrive om det som hende meg og om det eg tenkte paa, og no har eg gjort det. Hels alle kjendte. Hjarteleg helsing fraa di

Helga

## Oppgjer

Helga hadde vore i byen over ein maanad. Og idag hadde ho bedt om aa faa oppgjer for den tida. Ho skulde ha tretti krunor om maanaden hadde dei vorte einige om, og no vilde ho gjerne sende heim nokre krunor aat mor. Det vart vel ikkje so mykje, for ho hadde faatt i eit par vintersko i forretninga hos Strøm og eit par vaattar. Konfirmationsskoene var for tunne og for gode til aa gaa ute i snøslapset med, tykte ho, og dei gamle bladvaattane hennar vart att heime – dei var ikkje noko aa koma til byen med heller.

Dei nye vinterskoene var baade gode og varme, og vaattane – dei var ikkje so varme som bladvaattane mor batt, men dei var fine. Smaa svarte fingervaattar. Aslaug hadde vore med henne og teke ut baade sko og vaattar. Og Strøm sjølv hadde kome ut fraa kontoret og prata med dei og preintes litt og vore i godlaget. Helga skulde faa godkjøp hadde han sagt; men ho hadde ikkje hugsa paa og spurd om prisen. Og det trega ho paa no. –

Helga gjekk ned paa kontoret, daa Bitte hadde somna til middag. Ho hadde bynt paa eit brev til mor igaarkveld, no skulde ho legge pengane inni og gjera det ferdig. Ho var glad og litt spent. [81] Det var so gildt aa kjenne seg vaksen, slik at ein kunde ta eit tak og hjelpe dei heime – og so var ho spent paa kor mykje det vart att, naar Strøm hadde trekt fraa for skoene og vaattane. Ho hadde mest trongt eit par kalosjar òg, det brukte alle, saag ho, og ein spara skoene so med det, sa Aslaug, og so drog ein ikkje med seg so mykje sand og søyle fraa gata innover golva. Men det kom no an paa kor mykje dei kosta og kor mykje som vart att. Mor maatte ha først og fremst.

Ho banka paa kontordøra.

«Kom inn;» Strøm sat i ein stol som han svinga rundt som han sjølv vilde framfor skrivepulten sin. No svinga han seg mot Helga.

«Er det du?» sa han; «det var sant det, ja – du skulde ha oppgjer idag du.» Han leita fram ei stor rekneskapsbok og bladde i.

«Faa sjaa no – det var tretti krunor maanaden vi var einige om? Det var rett det, ja. Og no har du vore her ein maanad; det blir bein rekning det, Helga. Men so har du faatt eit par sko til fem og tjuge krunor – der fekk du billege vintersko, godt slag i dei og godt merke; dei har du lenge naar du er redd for dei, skal du sjaa – og so eit

par svarte uldvaattar, to krunor og femti øyre. Det blir ikkje mykje att daa, er eg redd, – to krunor og femti øyre. Ver so god!»

Pengane klirra i neven hennar Helga, to sølvkrunor og ein femtiøyre! Det var alt ho hadde til gode etter ein heil maanad. «Takk,» kviskra ho.

«Aa, inkje aa takke for. Du faar vel du ha takk for strevet.» Strøm saag ettertenksamt paa [82] henne. «Treng du pengar kan hende? Til noko sers? Du kan godt faa noko paa forskot, veit du.»

«Nei – nei takk. Eg treng ingen ting. Takk.» Raud og skamfull nigja Helga seg ut gjennom døra. Ikkje for alt godt vilde ho ha forskot. Han skulde ikkje tru at ho vilde tigge seg til noko.

Seint og traatt gjekk det oppover trappene, og daa ho stod inne paa romet sitt var det lite med henne. Der laag brevet til mor – det var berre aa brenne opp det no. Og so skrive eit nytt. To krunor skikkeleg – det var mest inkje noko aa sende; ho hadde daa trudd det skulde bli ti i alle fall. Der stod skoene under senga, svarte kromlers, og dei var billege sa Strøm. Fem og tjuge krunor berre for eit par sko!

Helga stod med pengane i neven og kjende seg so fatig som ho aldri hadde vore før. Det hadde vore stridt mangein gong i Vika, lite med mat somtid og smaatt og pinsamt paa mange vis, men aldri slik. Ho hadde vore so viss paa aa ha pengar no, so viss paa aa vera ovanpaa og ha litt tilovers til dei heime, – smaatt hadde ho kytt litt før ho reiste heimanfraa òg. Det skulde vel bli ei raad no, naar berre ho kom ut og fekk so bra fortene! Og so stod ho her og hadde ingen ting. To krunor og femti øyre og eit par sko, det var alt ho hadde att, og so eit par vaattar attaat. Ingen ting aa sende heim til mor, ingen ting til aa hjelpe med; og ho som hadde tenkt so stort og trudd at all naud og alt slit skulde det vera slut med i Vika, naar berre ho kom ut og fekk ta fatt. So botnlaust fatig som idag hadde ho aldri vore før. –

Helga sat attmed bordet med hovudet i hendene, [83] og gret. Ho var so sliten og klar med eitt. Bitte vakna vel snart og venta paa henne, og einkvart var det sagte som skulde gjerast; men det var inga glede ved det no, det var slit berre og hendene var tunge og motviljuge naar ho tenkte paa arbeidet. Det kunde mest vera det same med alt i hop – det muna so ingen ting lel. Ho kunde vel trenge til noko neste maanad med, og daa saag ein kor det gjekk. Tretti krunor var nok ingen kapital slik som ho hadde trudd – det var mykje mindre enn det naar det bar til stykket. –

Det riksa vist i ei dør, eller var det nokon som skreik? Helga løfta hovudet fraa bordet og lydde. Den laaten minnte litt om maaseskrik. I alle fall maatte ho tenkje paa maasen, paa hennar maase som flaug og flaug og ikkje gav seg. Han var so kvit og fin, – og han flaug paa mot uver og stormbygor!

Helga reiste seg og retta paa klæda sine og haaret. Det vart ingen ting av aa gjeve seg over slik kom ho i tankar om. Ho fekk nok ta fatt og bruke baade nebb og klo, baade hender og tankar. Men vinne *skulde* ho! Til jul skulde ho i alle fall ha noko aa sende mor, so mykje dei fekk ei god julehelg heime. Dei skulde berre faa sjaa.

## Byen

Byen er eventyret. Naar ein staar paa haugen heime og ser ljøsken fraa byen i skylaget, daa er det avglansen av eventyret ein ser. Det ein lengtar imot og drøymer om. Der er ljøs og fargar. Der er store salar og fager song. Der er fine klæde og livet er lett aa liva. Og maten er helgekost kvar einaste dag. Slik er byen naar ein er femtan aar og ser berre glansen.

Og slik kjendes det aa vera til ein sundag ettermiddag Helga hadde fri og gjekk og spankulerte i gatone og saag seg om. – Dei var so lette aa gaa i kjøpskoene endaa det var vintersko. Og den blaa stoffkjolen og den nye kaapa var fine. Ho augnefór kvar gjente ho møtte og tenkte paa om ho var like fin sjølv òg. Mykje var det vist ikkje som skilde. Daa rekna ho ikkje desse som hadde so stutte stakkar at det ikkje kunde kallas skikkeleg stakk lenger, dei var som undarlege dyr aa sjaa til, dei, – minte om denne langbeinte skjengelmya ein kunde sjaa somtid. Men ho saag daa gjentor som var paaklædd som eit vakse menneskje, – og noko paa leida som dei var ho, saag ho, naar ho saag seg i dei store speglglasrutone i forretningane.

Det var ei fryd aa gaa slik og vera til, berre, [85] og sjaa ein skimt av seg sjølv alt i eitt – ei lita ung-gjente som gjekk og drøynde om livet og venta litt paa lagnaden og alt det undarlege som kunde hende. Ho maatte smile der ho gjekk og let tankane leike og draumane faa raaderom. Det kunde hende ho møtte einkvar – ein gamall mann t. d., som hadde mist einaste dotter si. So datt stokken ned for han eller han misste brillone sine, og Helga tok dei opp og hjelpte han til rettes og dei tok til aa prate saman. Og han likte henne so godt at han vilde syne henne byen og «alle tilliggende herligheder». Han hadde pengar og han tok henne med heim aat kona si og – det var eventyret med ein gong. Kvifor kunde ikkje slikt hende? Ho hadde lese om det i bøker og alt gjekk som etter ei snor, det vart herlegdom og glede alt i hop. Men det var helst berre i bøkene det gjekk slik.

Eller ho kunde møte ein ungdom som var like aaleine i byen som ho – ved eit hende vart dei kjend og sidan møttes dei ofte og fylgdes aat. Og snakka saman om det dei tenkte paa og fortalde om heimane sine, og han var like fatig som ho. Men han vilde kjempe seg fram gjennom motburd og alt som stengde, og han snakka med henne om alt han hadde aa staa i. Ho vart som ei syster for han, ei fylgje, og sidan – daa vann han fram til heider og ære og rikdom. Og ho fylgde han mot høgdene. Og eventyret var ikkje draum berre, det var røyndom og sjølve livet.

Slikt kunde hende. Somtid. Og Helga gjekk og saag paa dei ho møtte og tenkte paa om denne var lagnaden – han med det lange sølvgraa skjegget der? Nei, han gjekk beint forbi og saag henne [86] ikkje. Men denne ungguten der, han kunde det vera; han hadde ingen frakk, endaa det var hustrigt, og smaatt pjuska det og snødde litt. Og mager var han, med skulehuve paa hovudet – nei, han gjekk forbi han òg utan aa anse henne. Men det var moro likevel aa tenkje seg at det kunde vera han, at lagnaden hennar fór her og sveiv i gatone og ein dag møtte ho han. Og so var det kan hende nett denne frakkelause ungdomen, og han var so nedfor at livet var ikkje verd aa liva lenger og alt var svart. Daa kom ho og smaatt om senn snudde det seg alt.

Tida gjekk so fort naar ein gjekk slik og drøymde. Før ho vardes tok det til aa bli skumt og gatelyktene tendes. Og dei store forretningssglasa straalte imot henne, og drog henne aat seg. Der var gult ljøs og blaatt og grønt og kjolar so fine som ein draum og hattar med blommar og fjør og fagre band. Aah, ho maatte stane alt i eit og sjaa – berre sjaa og njote! At det kunde finnast so mykje vent i verda! Og at verkelege livande menneskjes kunde bruke det! Glimsteinane der, halsband og ringar og kjede, og smaa glas av berre gull, vist! Og der var det eple, heile haugar med raude eple og gule apelsinar, og alle slag frukt som ho ikkje visste namn paa eingong, og eskor med sjokolade. Tennene vatsflaug – den som kunde faa plass i ei slik bud og faa lov til aa eta med ein vilde! Eller den som kunde koma aat sudlandom der ein plukka bananane beint fraa trea og ikkje livde av stort anna. Og sola skein so ein trong mest ikkje klæde. Ho kunde tenkje seg til solvarmen berre ved aa [87] sjaa alle desse varme fargane, tykte ho. Det var ikkje til aa koma seg ifraa all denne herlegdomen. Ho maatte staa i lengstom og drøyme litt om det som kunde hende dersom – dersom det i det heile hende noko.

«Godkveld, frøken.» Helga skvatt til og saag seg om. Det stod ein fin mann breiddmed henne og smilte. «Dette er freistande,» sa han, «den som berre kunde ta for seg –.»

Ho raudna litt og var brydd, og fekk seg ikkje til aa svara noko. Det var so undarleg, her stod ho og drøymde seg mest bort og so skulde du sjaa det hende noko lel – at eventyret kom. Hjartet banka urolegt, ho var baade glad og utrygg. Men han saag so fin og skikkeleg ut, denne karen, han gjorde vist ikkje narr av henne.

«Vent paa meg ein augneblink,» sa han og so gjekk han inn. Helga saag han fekk seg ein sigar som han tende – og no fekk han ein stor pose. Ho maatte helst gaa no, det gjekk ikkje an aa staa her og vente paa ein framand mann. Kva maatte han ikkje

tru? Ho tok til aa gaa so smaatt. Ho var so tvihuga. Helst skulde ho vel ha skunda seg iveg og ikkje set seg om eingong, men – kan hende var han like aaleine han som ho, og enn om dette var lagnaden likevel? Heilt trygg kjende ho seg ikkje daa han kom etter henne og slog fylgje bort gjennom gata. Men daa han spurde om kva ho heitte og fekk henne til aa fortelje om Erik og Margot, daa vart ho tryggare med kvart.

Kunde ikkje dei to møtas ein og annan gongen, undras han, so skulde han syne henne byen og so kunde dei prate og ha det morosamt ilag?

[88] Jau, det kunde dei vel, meinte Helga, og ho var so huga til aa spyrje kva han heitte, han; det var so undarleg aa gaa her og prate med ein vill framand, men det var so leidt aa spyrje òg. Han fortalde det vel naar han kom paa det slik, og han saag no ut som ein fin mann.

Helga visste ikkje kor lenge dei hadde gaatt slik og prata, ho visste ikkje skikkeleg kor dei var henne ein gong. Der var mest som ein hage med prydtre og benker millom trea. Ho kom paa at ho maatte snu no eller so tulla ho seg reint bort. Men han meinte det hasta ikkje so.

«Kom og bli med meg heim,» sa han, «so faar eg skjenke Dykk eit glas vin.»

«Takk, men eg drikk ikkje vin – og elles so lyt eg nok heim no.»

«Ja men De hadde daa fri i ettermiddag, sa De; og eit glas vin gjer ingen skade.»

«Nei, men – eg trur ikkje eg kan lel;» det var so gildt at han sa «De», ho vart meir vaksen ved det og det kjendes mest som ein vyrdnad; «eg har aldri smakt vin heller,» sa Helga, «og so trur eg ikkje mor vil like det.»

Han smilte, mannen, slik at Helga raudna. Han tykte helst at ho var toskaat, skyna ho, og ho likte seg ikkje so godt lenger. Det likna ikkje eventyret slik ho hadde tenkt seg det.

«Kom so set vi oss paa benken her ei stund daa og et eit eple ilag. So kan De ta med Dykk resten heim og godna Dykk med ikveld.»

«Takk.» Helga tykte ikkje godt ho kunde segje nei, endaa ho var mest huga til det. Her var so stillt og utanfor fjølgden, berre no og daa slong [89] her eit parfolk eller hasta eit einslegt menneskje forbi. –

Det var framankaren som snakka mest no. Han leitte ut det beste eplet aat Helga, fann i eit aat seg sjølv med og la so posen i fanget hennar. Helga svara berre ha og ja og ynskte seg vel paa heimveg. Ho hadde vorte so uroleg.

«Kan vi ikkje like so godt gaa opp til meg? Der er varme òg – det er daa berre straks bortom her.»

Helga snudde seg imot han, ho vilde spyrje kva han heitte likevel – det var vel ikkje verre for henne enn for han. Daa kjende ho anna hans kring livet sitt og andletet hans heilt bortaat sitt, og han smilte – aah, det var til aa bli sjuk av slik som han smilte. Ho reiv seg laus og for op so epla trilla nedpaa jorda. Ho sansa seg ikkje, visste ikkje anten ho skreik eller berre tenkte det. Ho sparka til eit eple med det same ho fór. Ho kjende han tok etter handa hennar og vilde halde henne fast, han sa vist noko òg, men ho reiv seg laus og slo. Og sprang etter ljuset og larmen. –

Ho saag ikkje etter dei straalande glasa meir, ho leita ikkje etter eventyret og lagnaden; ho hiksta til for aa kjøve graaten som sprengde paa, og so gjekk ho gate opp og gate ned. Ho visste ikkje visst kor ho var henne, men ein gong maatte ho vel finne fram. Og no var ho først aaleine i byen. Heilt aaleine. Ho gjekk og gjekk, og der var fullt av menneskior alle stader, men ikkje eit liv som *braud* seg om henne. Her hasta kvar til sitt og sine, ingen aatte ein smil eller berre eit vensleg augnekast som det fans von i. Her var ljøs og [90] straalande fargar, her var prat og laatt og liv, her var alt ho hadde drøymt om og lengta etter – berre det at ho var utanfor. Og ingen var det som let opp aat henne.

Ho mintes mannen ho hadde vore saman med istad og smilen hans – det var som han flekte tenner berre – og ho kjende seg sjuk og usæl. Nei, nei ho vilde ikkje innanfor heller, ikkje for nokon pris. Ho hadde vorte redd.

Daa saag ho frk. Hermansen paa andre sida gata saman med ei dame og ein herre. Ho vart so glad med same, det var daa eit kjend andlet og so reint aaleine var ho ikkje lenger. Ho skraadde fort over gata.

«Godkveld, frk. Hermansen!»

«Godkveld –?»

«Kjenner De ikkje att meg? Helga –? fraa Vika?»

– Frøken Hermansen saag berre paa henne.

«Ja-au –?» sa ho endeleg og drog paa det.



«Eg – eg har tulla meg bort,» stota Helga. «De vil – De vil vel ikkje vera so snild aa segje meg kor eg skal gaa for aa koma til Strøm?»

«Jau daa. Det er ikkje so langt herifraa, berre borti næste gate –» Ho peikte og syntte henne vegen. «Det er berre tenestgjenta hos Strøm, skynar De – dei fekk i henne paa Ness, der vi var i somar,» smilte frk. Hermansen til fylgjet sitt. Ho nikka til avskil og gjekk vidare med venene sine.

Og Helga stod att og visste vegen heim. Ho skulde sagt takk, men ho fekk ikkje fram ein ljod. Berre tenestgjenta hos Strøm. Berre! Det var ikkje [91] nokon dei kjendes ved eller helste paa og prata med her i byen. Aa, ho kunde vel visst det før òg – ho hadde vel ikkje gløymt seg fordi om ho kom inn til byen frk. Hermansen heller.

Augo sveid av taaror som ikkje fekk avlaup og blodet bruste. Eit hav av kjenslor reiste seg og baara og tok baade makt og mæle. Slik var byen for den som var utanfor, for den som var framand og ikkje aatte makt og rikdom. Slik var byen for den som var aaleine og ingen vener hadde. Berre. I denne stunda hata Helga byen med alt dens liv og ljøs og fargar. Ho hata. –

Men daa ho kom heim og hadde snakka med Aslaug og hadde fortalt henne om den framande mannen som saag ut til aa vera ein fin mann, daa kvarv hatet og ei svidande skamkjensle fyllte henne heilt.

«Du kan daa skyne at ein fin mann snakkar ikkje til ei framand dame paa gata,» sa Aslaug og var gamal og klok; «anten var det ingen fin mann, eller so saag han, at du var fraa landet – at du ikkje var dame altso.» –

Den kvelden gret Helga seg i sømn. Ho lengta etter fjøra og fjorden, etter skogen og aasane, ho lengta heim og etter tryggleiken ved aa vera hos vener og kjend folk. Men mest lengta ho etter mor, etter den milde røysta hennar og dei mjuke hendene. Og dei kunde segje og meine plent kva dei vilde her inne i byen – frk. Hermansen kunde klæ seg som ei dronning i fløiel og silke, og Aslaug kunde snakke om skilnaden paa land og by, om gjentor fraa landet og damor fraa byen, om [92] simple folk og fine – det vart ingen av dei som mor. Dei kom ikkje halvnær heller. Og dei harde arbeidsslitne hendene hennar mor var likevel mjukare enn dei mjuke kattepotane aat desse fine bydamone.

Men likevel gret Helga til ho somna den kvelden.

## I ungdomslaget

Det gjekk dagar og vikor. Helga hadde fri ettermiddag fleire gonger, og det hende ho gjekk ut. Men det var ikkje slik glede ved det lenger. Ingen gong kjende ho seg so aaleine som naar ho dreiv gjerandslaus gjennom gatone og ikkje hadde nokon stad aa gaa, ingen aa helse paa og ingen aa prate med.

Ein ettermiddag møtte ho Aslaug ilag med nokre kameratar. Aslaug smilte og nikka: «Mor'n Helga,» og Helga kjende ho vart glad og raud. Ho var ferdig til aa gaa bortaat dei og slaa lag med ein gong, men Aslaug gjekk berre vidare, hekta seg fast i armlykkja aat eine gjenta og prata og var oppteke med sitt. Ansa nok ikkje eingong at Helga stod att. Og var berre ei lita unggjente ho òg – og so reint aaleine. Helga likte seg ikkje.

Mangein gong gjekk ho og tenkte paa om ho ikkje skulde segje opp og reise heim aat mor. Ho fekk vel alltid arbeid i heimbygda òg. Ho tenkte og rekna over, men so var det Bitte og so var det Strøm sine – og so var det so argelegt at ho ikkje skulde greie det lenger. Ho hadde vore so kaut daa ho reiste og trudd so stort – og snakka om det. Ho likte ikkje aa gjeva opp noko. –

Ein ettermiddag gjekk ho erend. Ho hadde [94] ei korg i eine handa og eit spann i den andre. Annt om hadde ho det, og ho saag seg ikkje om etter nokon ting.

«Nei Goddag, Helga! Skal eg daa endeleg faa sjaa deg òg?»

Helga stokk so ho nære paa hadde slept melkespannet midt i gata. Det var Arne som snakka til henne. Arne Ness med bokpakken under armen og augo som lyste og straalte mot ein. Han tok utan vidare spannet fraa henne og slo fylgje.

«Du har det bra?» undras han.

«Jau, eg har det berre bra – og trivs gjer eg òg.»

«Saknar du ikkje Vika, og fjøra og fjorden?»

«Somtid so –.»

«Har du vorte kjend med mange daa?»

«Ikkje med nokon enno.»

«Det er ikkje sant, veit eg? Og endaa trivs du?»

Helga svara ikkje større paa det. Det var ingen aa bli kjend med heller, tenkte ho. Det var Emma hos Strøm, ho var fraa byen og henne kjende ho; ho hadde bedt henne med paa dans ein kveld, men Helga vilde ikkje. Ho kunde ikkje danse og ikkje kjende ho nokon, – ho sat heller heime og las. Og elles so likte ho ikkje desse veninnone hennar Emma meir enn høveleg. Dei kom opp paa gjenteromet om kveldane og prata so mykje tull at det var eit syn. Nei, det var nok ingen aa bli kjend med for henne. Men det turvte ikkje Arne vita. Det var ikkje noko som kom han ved.

Helga fortalde ho hadde havt brev fraa Ingrid for ei stund sidan. «Eg skulde ha svara,» sa ho, «men det er so lite aa skrive om.»

[95] «Eg er viss paa ho ventar paa svar. Eg fekk brev for eit par dagar sidan, og ho skreiv noko om det.»

Dei vart gaaande tagalle ei stund. Helga var so glad fordi ho hadde møtt Arne. Ho hadde tenkt paa han somtid, men han hadde vel so nok med skulen og lesnaden. Og ikkje var det sagt han braud seg om aa halde lag med henne heller. Ho var berre ei tenestgjente og han – kunde gjera plent som han sjølv vilde. Det var uraad aa fri seg for dei vonde tankar, for beiskleiken. Ho hadde røynt det slik sidan ho kom ut – livet var ikkje like eins for alle, og kvar hadde sine som dei braud seg om og heldt lag med. Det var berre det at ho hadde ingen. Arne hadde kameratar i dungevis, sjølv sagt, og han vilde nok frk. Hermansen prate med og kjennas ved sjølv om han var fraa bygda og var bonde. Helga gjekk og vov seg inn i ein vev av vonde tankar. Dei tok mælet fraa henne og sprengde paa so ho mest fekk taaror i augo. Men so var det so usegjeleg dumt aa gaa slik og – og syne fram seg. Kva maatte ikkje Arne tru? – Ho kasta litt med nakken og tok etter spannet.

«Det er daa inga meining i at du skal gaa og bera for meg – eg er daa sopass eg ber spannet sjølv,» meinte ho.

Arne less ikkje som han hørde ein gong; det var noko han gjekk og tenkte paa.

«Kan ikkje du be deg fri ikveld, Helga? So blir du med meg i bondeungdomslaget?»

«Ja, men trur du det gaar an daa? Eg er ikkje lagslem og so kjenner eg ingen.»

[96] «Du kjenner daa meg. Og so skriv du deg i laget. – Eg trur du vil like deg der, og ikveld skal vi ha slik fin musikk òg.»

«Men – men – men vil du ha meg med daa?» Det brast utor henne før ho skikkeleg vann tenkje seg om. Og so maatte ho like godt fortelje om frk. Hermansen og Aslaug og byen og alt som var onnorleis enn ho hadde tenkt seg det. Og ikkje var det rett heller alt det dei trudde var rett og som saag ut slik, det var det ikkje tale om.

«Nei, nei,» heldt Arne med henne og lo smaatt og var aalvorsam lel, «men kjenner eg deg rett, Helga, so er du so lik at du bit ifraa, du, naar du møter uretten.»

«Eg bit ikkje no lenger,» sa Helga stilt. Og Arne lo ikkje meir. Han fekk henne berre til aa love at ho skulde bli med i laget om kvelden; han vilde ha henne med, ho kunde vera trygg soleis, og han skulde koma innom henne. – – –

Det vart ein festkveld, den likaste ho hadde havt i byen. Der var ljøs og festglade menneskior, der var prat og laatt og Arne fortalde kven den var og den –. «Der er ein av skodespelarane vaare – ser du, han med det svarte haaret der; han er ein av dei flinkaste òg.» Helga saag og saag, ho hadde mest ikkje stunder til aa svara. Ho vart kjend med nokre gjentor og eit par gutar. Ei av gjentone var ny i byen som ho, og ho likte seg ikkje heller. Men so hadde ho laget aa ty til.

«Det er mest som ein kjem eit stykke paa veg heim naar ein kjem hit om kvelden,» sa ho; og det skyna Helga godt. Berre det aa høyre heimemalet sitt og kunne snakke utan aa vera redd at [97] nokon smilte aat ein – det var som aa koma heim att. Eit langt stykke paa veg i alle fall. –

Der var musikk og kaffe, og til slut vart det leik og song. Helga var med og leika, endaa ho ikkje kunde det slag; men det gjekk av seg sjølv mest, og gjorde ho eit feilsteg lo dei berre og hadde moro med det.

Men syngje kunde ho, og det gjorde ho rett fraa hjartet. Det var ei frygd aa faa syngje ut retteleg dei gamle kjende songane att. Og augo straalte og kinna raudna. Det var herlegt aa vera ung og glad. Og her kjende ho seg trygg.

«Det var daa ei fin songrøyst De hadde,» sa formannen i laget til henne, han sat i nærleiken og snakka med Arne, «De lyt bli med i songlaget vaart, De.»

«Aa –,» sa Helga berre, ho var baade lukkeleg og brydd.

«Eg skal snakke aat formannen i songlaget eg –.»

«Nei, men eg kan vist ikkje vera med lel, – eg har plass,» ho saag forbi bort paa Arne og raudna lite grann, «eg er tenestgjente berre –.»

«Ja men De har daa vel fri ein og annan kvelden lel? Eller er ho eit reint bakbeist husmora Dykkar?»

«Nei, det er ho slett ikkje. Ho er so snild som ho berre kan vera, men –»

«Ikkje noko men daa, veit eg. De er vel ikkje so oppteken om kveldane at De ikkje kan vera med paa ei øving ein gong imillom? Her maa vi nytte alle krefter, ser De – ingen slepp fri. Du held med meg, Ness?»

«Ja, fullt ut. Og kjenner eg Helga rett so gjer [98] ho like for seg i songlaget. – Sjølv sagt blir du med, Helga?»

«Ja, du veit eg vil gjerne – eg er glad i aa syngje og eg skal gjera mitt beste.»

«Daa blir det bra, spaar eg.»

Og Helga vart skrive i songlaget same kvelden. Ho fekk greide paa naar dei skulde ha øving, og ho trudde visst ho kunde koma. –

Ho vart i fylgje med Arne og endaa eit par som skulde same vegen heim om kvelden. Det var same gatone ho gjekk i som før, same byen som anda og livde livet sitt eget, og likevel var det ikkje det same. Sjølve gatesteinane var ikkje so harde lenger, og ljosa var ikkje berre ljøs og glans, dei hadde som ein daam av varme – ja, det var som ei heil bylgje av varme som slog imot henne. Slik kunde byen vera naar ein fann fram dit ein høyrde heime. –

Daa Helga hadde lagt seg om kvelden laag ho og tenkte paa bondeungdomslaget og all ungdomen som samlas der. Laget vart som ein stor og sterk knute i byen og inn til den knuten samlas det taattar fraa alle kantar og alle lag. Og for kvar taatten gav det ei kjensle av styrke det at han høyrde knuten til.

Ho hadde berre vore med denne eine kvelden, men berre det gav styrke og glede – det aa kjenne at ho ikkje var heilt aaleine lenger, at her fanns nokon som brydde seg om henne for hennar eiga skuld og ikkje berre for det arbeid ho kunde gjera. Det gav mod og ryggstød og gjorde livet lettare og rikare.

## To aar etter

Naar ein er ung og ser to aar framover er det ei lang tid. Det er so mange dagar og stunder at det er mest endelaust aa tenkje seg alt det ein kan faa til paa den tida. Men naar aara har gaatt og ein ser attover daa er dei mest ingen ting. Helga hadde vore to aar i byen og det hadde gaatt so umerkjande. Ei og onnor hendinga ruvde litt meir og sette skil millom før og no, som til dømes daa Ingrid fekk flutte. Det var aaret no sidan, og seinhausten. Helga hadde ikkje vore heime den somaren slik som ho hadde tenkt. Paa Ness tok dei ikkje imot byfolk fordi Ingrid var so daarleg, – og daa fru Strøm bad Helga bli med paa Vestlandet i somarferien slog ho til og vart med. Det var gildt aa koma ut, og ho kunde ikkje godt gjera anna heller tykte ho, all den stund ho tenkte aa bli der til vinteren att.

Bitte gjekk no. Han var den kostelegaste vesle plugg nokon kunde sjaa for augo sine, naar han stabba iveg tjukk og hjulbeint og datt paa baken alt i eitt. «Fa'li,» sa han og sette dei blaa skuldlause augo spyrjande paa Helga. Han var slik at ein maatte læ aat han og bli glad i han anten ein vilde eller ikkje. Og han vart meir og meir morosam for kvar dag. Helga kunde ikkje [100] tenkje seg aa reise fraa Bitte enno, se lenge dei trong framand hjelp til han. Soleis kom ho ikkje heim den somaren.

Ho skyna vel at det var eit vonbrot baade for mor og Ingrid. Dei skreiv det ikkje beint fram, men ho kjende det paa seg, mest kan hende fordi det var eit vonbrot for henne med – Ho lovte seg sjølv at ho skulde skrive baade mange og lange brev aat Ingrid i staden – ho visste det var ho som venta mest, fordi ho var bunde til stolen eller senga og ikkje levde med i livet paa onnor vis. Ho hadde so mykje aa skrive om òg no, baade fraa laget og elles fraa samveret med kameratane ho hadde faatt. Det var so mange ting ho vart med paa som ho visste Ingrid gjerne vilde høyre om og ho skulde nok skrive. Hadde ho tenkt. Og so vart det mest berre med tanken. Det kom so mange smaating i vegen. Snart var det ein tur ho skulde vera med paa ei frihelg, so var det ei ekstra songøving, so var det lagsmøte og so var ho trøytt og klar etter ein slitsam dag. Imorgo kveld skal eg skrive, tenkte ho; og so kom det tidt noko i vegen daa òg.

Og so kom Arne opp til Strøm ein dag seinhaustes – og det var vondt aa sjaa paa han. Han skulde berre fortelje Helga, at no var Ingrid daud. Ho hadde skikka helsing til Helga. «Ho var so glad i deg,» sa Arne, og straks etter gjekk han. –

Some dagar er slike at ein faar aldri ende paa dei og lel faar ein ikkje til nokon ting. Det er mest som tida stanar ei stund, og ein skyner ikkje kva dei renner iveg med alle og har det ant med. – Helga visste at Ingrid maatte døy snart, ho [101] hadde visst det lenge. Men at ho skulde døy nett no, utan at ho fekk sjaa henne att, utan at ho fekk snakke med henne og fortelje nokon ting, det var vondt. I tankane laag ho paa kne framfor stolen hennar og fortalde og smaaprata med henne, gav alt det ho hadde tenkt aa skrive om, gav sine tankar og voner og sine vāraste draumar. I tankane gav ho det alt no det var for seint. – Og minne dukka opp, ord Ingrid hadde sagt og skrive, brev Helga hadde faatt fraa henne. Dei var so undarlege Ingrid sine brev. Dei var ikkje om hendingar, det var tankar ho hadde tenkt, det var gode ord og gode raad; men det var vel slik kan hende, at tankane var hendingar for henne som var bunde til same romet og same flekken mest stødt.

«Naar ein blir sjuk so lenge som eg,» hadde Ingrid skrive ein gong, «daa trur eg ein kjem so nære innaat Guds hjarte. Det er mest so ein høyrer hjarteslaga, og Guds hjarteslag er liksom hjarteslaga aat heile verda. Daa ser ein kloorare paa mange ting enn dei gjer som liver midt oppi annsemnda og lyt kave for tilveret og aldri har tid til aa lye etter Guds hjarteslag. Og det vilde eg gjerne segje deg, Helga, at det er nok bra aa koma seg fram og bli noko som du segjer du vil det; men det er ikkje alt. Slik har eg kome til aa sjaa det, at godleiken maa vera med. Dersom du kunde legge øyra ditt inntil Guds hjarte slik at du høyrde og skyna skapartanken, so trur eg du vilde sjaa, at det aa vera god er det største. Ein tarv ikkje vera nokon dott om ein er god, ja ein er det ikkje heller. Aldri naar ein er verkeleg god. Naar [102] du har levd so lenge eller so mykje at du eig skynsemd med alt livande, daa vil du bli god. Daa vil ikkje synd og liding vera framand for deg, trur eg, og sorg vil ikkje vera ein fiend som du hatar. Daa vil du ta det alt innaat hjartet ditt og takke fordi du fekk lov til aa liva, fordi du veit at alt er til vokster for den som ser og har tid til aa lye etter Guds røyst i alle ting. Kjære Helga, eg kan so lite skrive, no skjelv eg alt paa handa. Eg vilde berre be deg om at du maa lære deg til aa sjaa livet som det *verkeleg* er. Sjaa ikkje etter gull og glimmer, høyr ikkje etter dei store ord og laatten – sjaa bakom og innunder og høyr vel etter om tonane du høyrer kjem fraa hjartet. Og hugs ein ting framfor alt: den som er god er fin! Anten han so er klædd i silke eller bomull. – Kjære deg, eg skyner du kan bli leid av preikone mine. Du faar tenkje deg at eg skulde vorte ein stor pædagog, og so faar eg ikkje avlaup paa annan maate enn ved aa plaage deg. Det letter meg aa faa skrive ned det eg tenkjer paa naar eg er so lik, og ein gong vil du skyne meg, vonar eg.»

Dette var eit av siste breva ho hadde faatt. Det var ikkje som eit brev fraa den eine unge gjenta til den andre; mange ting var mest berre ord for Helga enno, men ho

maatte tenkje paa at ein gong hadde Ingrid vore ei frisk lita gjente med voner til livet, med mod og tru til framtida – slik som ho. Og det var ikkje so mange aar sidan i grunnen. Enn alt det ho maatte ha kjempa seg igjennom og lide, før ho vann fram til aa kunne skrive som no ho gjorde. Ho hadde sagte levd [103] med paa sitt vis og kjempa mot vanmakta og vunne dit ho ikkje hadde tenkt seg, til aa bynne med truleg.

Aa Ingrid, Ingrid klaga Helga seg og gret – ho kunde aldri vinne over sagnaden, ho kunde aldri bli heilt glad meir. Trudde Helga. –

Men no var det aaret sidan den dagen og Ingrid var eit fagert minne berre. Helga var ung og glad som før. Ho hadde hovudet fullt av tankar og planer. Til aa bynne med hadde ho kjent det som ein urett mot Ingrid somtid naar ho lo og var glad. Men den kjensla kvarv med kvart. – Men ord Ingrid hadde sagt og skrive og det vesle samlivet med henne var likevel frø som laag djupt inne i hugen hennar Helga og grodde. Dei var med og la det tenksame draget over augo hennar, dei var med og gjorde laatten stillferdleg og vår, sjølv naar ho var glad og kaat. –

Endaa ei hending ruvde opp over kvardagen desse to aara. Det aa koma heim i somar var ei storhending naar ein hadde vore borte so lenge. For siste somaren var Strøm sine paa Ness og Helga var med dei. Det var undarleg og saart aa koma til Ness naar Ingrid var borte; og Helga sakna henne alle stader, endaa det var so lita ei stund ho hadde vore i lag med henne. Og Kristen og Ane-Marta hadde vorte gamle. Sjølv Arne var ikkje som før. Han gjekk mest for seg sjølv og gruna; og Aslaug, som var ei sprettende kaat unggjente no, sa han hadde vorte ein rein tverdrivar. Han vilde ikkje vera med paa nokon ting. Det var vel ansvaret ved aa vera lærar som gjorde at han ikkje kunde vera ilag med ungdom lenger, [104] sa Aslaug og var spitig. Elles heldt Aslaug mest lag med Erling og Herdis Beck, presteungdomane, den somaren. Dei var med paa fisketurar og dei spelte krocket. Arne var med onnefolket eller so dreiv han til skogs og var borte heile dagane. Det var vel sagnaden etter Ingrid som dreiv han vekk, tenkte Helga, og ho vilde so gjerne snakke med han om det og hjelpe han over dersom ho berre kunde. Men ho kom seg ikkje til naar det bar til stykket. –

Ho hadde ikkje hugsa paa at stova i Vika var so lita, og kammerset var mest berre eit stort kott. Det var rart aa sjaa det att. Tiriltunga lyste like gul og straalande fraa dørabrua og skjelfjøset hennar Margot var pussa og velstelt endaa. Men den som hadde teke størst brigde var Erik. Han hadde vorte so lang og lealaus og grop i maalet. Han snakka som naar hanekjuklingane skal til aa gala, og han hadde



sidbukse og gjekk aat presten. Ein heil kar aa sjaa til. – Margot var like stillferdleg, og varm i augo som ho alltid hadde vore; men mor hadde vorte gamall. Helga kunde ikkje minnas at ho var so lita og tunn og bleik før. Hadde ho verkeleg vore det?

«Det er du som har vorte stor og sterk,» sa mor og saag kjærleg opp paa den vaksne dotter si. Helga var heller ikkje til aa kjenne att sa alle dei som ikkje hadde set henne paa desse par aara.

«Og likevel er du som før òg,» sa mor, «det er liksom byen ikkje har merka deg stort.»

Daa fortalde Helga om bondeungdomslaget, om lagskveldane og songøvingane, om kameratane ho hadde vorte kjend med der, – og etter som [105] ho fortalde fekk ho slik ei sterk kjensle av kva det hadde vore for henne, kva det hadde hjelpt henne over; ho mintes all einsemda og modløysa den første tida, og ho tykte aldri ho kunde takke Arne nok som kom og hjelpte henne utav det og fekk henne med der ho hørde heime og likte seg.

Medan ho sat der og snakka med mor og mintes og tenkte etter alt ho hadde livt og alt ho hadde lært denne tida, var det endaa ei uklaar kjensle som mest tok makta fraa henne og gjorde henne baade glad og redd – kjensla av at ho vaks. Ikkje berre at kroppen vaks, men heile ho tøygde seg og strekkte seg og vilde opp i høgda mot ljøs og luft. Mest som planten strekker seg etter solljoset.

Ho saag paa mor og undras om ho merka noko – det var slik ei rik og sterk kjensle dette, dei maatte sjaa det paa henne, tykte ho. Men mor sat som før, spurde litt og fortalde om livet i Vika, om Erik og Margot og kva dei bala med. Lite og inkje fortalde ho om seg sjølv, men Helga kjende det slik som kvart ordet vart om henne mest lel.

«Du skynar det, mor,» sa Helga og raudna og saag litt til sides, «eg har havt det bra, eg. Det er berre det eg tregar so paa at eg – at eg har hjelpt dykk so lite. Det vart – ikkje slik som eg tenkte det.» Ho venta ikkje paa svar, ho gjekk nedover aat fjøra. Ho maatte vera aaleine ei stund. Det var so mykje som sprengde paa, so rart aa vera heime og sjaa det att alt og so kjenne kor dei sleit for kvar dagen. Det var so [106] mykje det gjekk pengar til i byen – til faanyttes, tenkte ho no; men naar ho var der inne var det liksom ho maatte ha det òg. Men det maatte gaa an aa spare meir likevel, og det skulde ho gjera heretter. Det skulde ho. –

Den dagen dei skulde reise til byen att var Helga heime i Vika om morgonen og baud farvel. Det vart ikkje so mange orda sagt. Erik bad henne koma heim til konfirmationen hans, og Helga lovte ho skulde gjera kva ho kunde. Ho sat uti kammerset og saag ut gjennom glaset og utover fjorden. Ho maatte gaa no, sa ho fleire gonger, men det var so vondt aa rive seg laus.

«Det er ikkje sagt du kjem til Vika for aa bli heime her meir heller du,» sa mor og sukka. Det var som ho tok avskil for alltid.

«Eg sit nett og tenkjer paa om vi kunde slaa oss saman her og faa til noko av Vika, so vi kunde liva med det alle,» sa Helga, «eg er ikkje huga til aa gaa ut paa vask og baking slik som du mor, men –.»

«Eg var eit nøydd til eg, barn, skulde eg faa til mat aat dykk; eg dugde ikkje til anna og det maa gjerast det òg, veit du.»

«Det maa det sjølv sagt. Og eg meinte ikkje det var verre enn noko anna, men – eg tenkte paa om vi ikkje skulde kunne greie oss heime her paa eit eller anna vis?»

«Det gaar ikkje. Det er for lite jord, for lite rom, Helga; ingen vil selje og ikkje har vi noko aa kjøpe attaat for heller. Det er inga raad med det. – Men no trur eg mest du lyt til aa gaa <sup>[107]</sup>lel.» Mor reiste seg og saag paa klokka. «Du blir for sein.»

«Du veit eg maa det. Men det hadde vore gildt aa vore heime òg no. Det er ingen stad so triveleg som i Vika lel.» – –

Ho tenkte paa det, daa ho gjekk vegen bortover til Ness – enn om dei kunde faatt i stand husa heime, so der vart meir plass og meir luft under vengjene, enn om der var nokon ting aa ta seg til med so dei kunde liva med det. – Ho drøymde om to ljose stovor og eit stort kjøken og soverom og bad, – og vatn og vask i kjøkenet. Dei hadde det letvindt og greitt i byen lel! – Og gris og ku og høns –. Høns ja! Helga stana mest. Enn om dei slog seg paa hønstell? tilgagns? Ho maatte skrive til mor om det. Det maatte daa gaa an aa tenkje paa i alle fall. –

Det var elles mange ting Helga tenkte paa om dagane. Det var framtida. Noko maatte ho bli. Naar Bitte vaks til trong dei henne venteleg ikkje lenger hos Strøm, og ein ny gjenteplass var ho umoda paa. Somtid tenkte ho paa aa spyrje Strøm om ho kunde faa plass i forretninga hos han, – ho kunde ta eit kurs paa handelsskulen først; det hjalp dei henne alltid til so snilde som dei var. Men det var ingen retteleg hugnad ved aa tenkje paa det i grunnen.

Daa var det likare aa bli lærarinne. Det hadde ho tenkt sterkt paa lenge, og den tanken hadde ho ikkje gjeve opp endaa. Smaaskulelærarinne, det maatte ho kunne duge til. Ho hadde snakka med Arne om det i vaar eit par gonger, men det var medan han gjekk og sleit til eksamen, so han svara [108] ikkje stort paa det. Han raadde korkje til eller fraa. Det var eit lite vonbrot det – ho hadde vona at han skulde bli oppglødd for tanken og by til at han skulde hjelpe henne. Ho hadde tenkt seg at ho maatte be Kristen Ness kautionere for seg so ho fekk eit pengelaan til skulegonga, og daa kunde sagte Arne lagt eit godt ord inn for henne; men naar ikkje han sa noko, fekk ho seg ikkje til aa nemne det meir. Førebils. Det var elles tid nok enno, ho hadde ikkje fyllt de atten, og ho fekk no sjaa til neste haust. Ho skulde i alle fall lesa det ho vann over i vinter, det visste ho. Og nokon stad i verda maatte ho vel kunne kløne seg fast, so det vart meining i livet for henne med. – –

Det var hausten og regnver. Gatone glinsa av væte og nedover speglglasrutone rann regndropane i smaa bekker. Det tromma paa paraplyar og sjask i kalosjar. Det var graatt i graatt alle stader. Graa regnfrakkar og sure andlet. Slikt eit ver! Helga kom gaaande med ei korg i armlykkja, klædd i regnhatt, regnkaape og tjukke sko. Ho var ikkje graa. Raudlett og smilande med laatten dirrande i augo kava ho seg fram millom bilar og trikk og menneskior. Ender og daa nikka ho til eit kjend andlet, sa eit par ord i farten og traska iveg vidare. Hendene heldt ho i lumma og det brune haaret krulla seg kring panna. Det var herlegt ute i solskinet, men neimen om det var verst i regnver heller. Naar ein var klædd etter det.

Og so alle dei løgne skikkelsar ein kunde sjaa. Menn som blaaheldt paa hattane sine til dømes og ynskte seg vist baade hit og dit, eller som den gamle kona der – ho trippa og trippa og kalosjane [109] var gamle og slitne og gleid, og vinden tok etter paraplyen –. Der datt ho jamenn og, med pakkane i gata! Sukkerbetar i ein pose og mjøl i hin og kona midt oppi heile suppa. Helga *maatte* læ; men so hoppa ho over for aa ta eit tak aa hjelpe henne opp.<sup>12</sup> Ho fekk slege ned paraplyen og samla oppi korga det som gjekk an – sukkeret og mjølet vart liggande att. So kosta ho av kona og prata litt.

«De faar nok kjøpe nytt mjøl og sukker er eg redd,» lo Helga og saag paa kor regnet og lorten laga supe av maten.

«Faar vel det,» sa kona stutt, ho rettleidde i korga med gamle skjelvande hender. «Den som hadde noko aa kjøpe for, so, –», sukka ho til stilt; det skulde vist ikkje høyras, men Helga høyrde det lel. Og laatten kom bort or augo. Ho mintes ein gong

mor var paa buda og ingen ting hadde med seg daa ho kom heim att. Den gongen var Helga svoltten.

«Har De nokon heime som sit og ventar paa Dykk og?» spurde ho braatt.

«Eg har to borneborn – dei er foreldreause –».

«Kom skal eg bli med Dykk aa kjøpe mjøl eg.»

«Takk, men det trengs ikkje, – eg har ikkje fleire pengar paa meg heller.»

«Gjer ingen ting. Eg fekk løna mi igaar, eg, so no er eg rik. Kom berre.»

Det var den dagen ho gjekk heime og venta paa mor og var lita og svoltten som gjorde det. Ho maatte hjelpe. Det sat nok mange svoltne born omkring i byen, men naar ho beint fram snaava over dei slik, daa kunde ho ikkje gaa beint forbi. Ho kjøpte eit eple kvar aat barna òg.

[110] «Hels dei fraa Helga, De,» sa ho aat kona og lo og nikka til avskil. Ho saag so forfjamsa ut, kona.

Men du verda – Helga sukka langt og innerleg – det maatte vera ei herleg kjensle aa vera rik og kunde gjeve stødt, utan at det gjorde noko. No vart det mindre aa sende heim aat mor denne maanaden for henne, kom ho paa, – og ho som skulde spare. Men om mor visste korleis det gjekk for seg, so vilde ho nok skyne, at ho kunde ikkje gjera onnorleis likevel.

– Helga skulde paa torvet etter kaal. Der var eit liv og ein fargerikdom inni alt det sure regnet, so ein kunde bli reint ør. Gult og raudt og grønt, grønsaker og frukt, herlege raude tomatar og grøne plommor. Og kjerringar med blaarutaat forklæ kring magen og tørklæ kring hovudet smaatrampa med føtene og baud fram varone sine, og fruvor med paraply og torvveske saag paa og kleip borti og prutta. – Helga fekk i baade kaal og gulerøter. Femti øyre for eit lite kaalhovud – det maatte løne seg godt –. Ho gjekk heimover og tenkte og rekna; ho ansa ikkje etter korkje dei som gjekk eller kjøyrde lenger, kom seg berre utor vegen i rett tid. Ho var heime i Vika og dreiv hagebruk, dyrka grønsaker og grov i jorda og saag det vaks. Og Erik hjelte til, og Margot, – og mor slutta baade med vask og baking. Og – og Arne hadde post i bygda og saag innom ein gong imillom og prata litt. Kan hende. Aanei, det kunde elles vera det same med det, slikt var berre tøv aa tenkje paa. Ho kasta litt med nakken og jaga det ifraa seg; men kunde [111] ho faatt til eit skikkeleg hagebruk og hønsegard der heime, so –.

Ho vilde koma til aa sakne Arne til denne vinteren, kom ho paa daa ho stod og la utor korga paa kjøkenet. Han vart nok borte baade i laget og elles, so staut og beinsam som han hadde vore mangein gong.

## Heimover

Det vart ikkje so Helga kom heim til konfirmasjonen hans Erik. Fru Strøm vart daarleg, so Helga kom seg ikkje iveg. Ho maatte berre skrive eit langt brev og sende Erik ei fin skjorte med mansjettknappar og slips til. – Men konfirmationssundagen hadde ikkje Helga fred nokon stad. Ho var ute med Bitte, ho hjelpete til paa kjøkenet, ho hørde Aslaug i dei tyske glosane ho hadde til dagen etter, ho fann seg ei bok og las i, men heile dagen var ho heime i Vika likevel. No er dei i kyrkja, tenkte ho, no drikk dei kaffe heime, – tru om dei har fleire enn Hans idag? Og ho maatte minnas sin eigen konfirmation og høgtida. Erik skulde faa klokka etter far, visste Helga; enn den som berre kunde vera heime ei ørlita stund og sjaa korleis dei hadde det! – – –

Ein maanads tid etter heldt Helga paa og ordna paa soveromet aat sjølvsegfolket. Bitte stabba ikring henne og kleiv opp og fór borti alt han ikkje skulde ha – og prata. Helga lo litt og svara og tok ifraa han det han fingra med, alt i einingen. –

Det kom ein mann inn paa kjøkenet, hørde Helga, han snakka med frua – det var so kjend eit maal? Og so vart det stilt – det kviskra [113] berre. Helga vart so ilt med, ho tok ned Bitte fraa bordet og slepte han ikkje; berre det ikkje var noko gale? Aa Bitte, Bitte – –.

Fru Strøm stod i døra og bad Helga gaa inn i stova, det var nokon som vilde snakke med henne der. Helga sansa ikkje anna enn at fru Strøm gret og at det var Hans Fjerdingen som stod nedmed stovedøra og tvinna huva si millom hendene. Ho vaaga ikkje spyrje, og ingen sa noko heller.

«Er det? – er det – noko heime?» stota ho.

«Mor di har slokna, Helga,» sa Hans.

«Nei, nei,» skreik Helga; ho bad for seg, ho laag nedmed ein stol og jamra seg. Det kunde ikkje vera soleis, det var ikkje sant, det var berre ein fælsleg draum dette. – «Aa seg, at det ikkje er sant Hans; – eg vil heim til mor. Berre seg at det ikkje er sant, hører du.»

Det var ingen samanheng i det ho sa, det vart berre jamring og saar graat. Fru Strøm stod og gret og strauk henne over haaret, sjølv Bitte stod og trekte i henne og saag ottefullt paa henne. Hans turka vekk ei og onnor taara med handbaken.

«Det gjekk so fort,» sa han, «ho vart so trøytt og rar sa ho og so la ho seg nedpaa senga, og straks etter var det forbi. – Det var han Kristen paa Ness som sa eg skulde reise hit og hjelpe deg heim, sa han. Erik var hos mor di daa ho døydde, so ho var ikkje aaleine. Margot var paa skulen, ho. – Og no ventar dei paa deg, Helga.»

Mor, aa mor! Aldri sjaa henne meir, aldri snakke med henne – aa mor, mor! Ho var so lita og bleik sist Helga saag henne.

«Ja, ho har ikkje vore frisk dei siste aara, ho [114] Karoline, – ho laag ein dag og to rett som det var.»

«Og eg reiste ifraa henne,» kлага Helga.

«Du gjorde det du maatte gjera, du,» sa Hans roleg, «naar fugleungane faar vengjer maa dei or reiren – slik er det med fatigmanns born, og slik er det vel helst med dei som har des betre raad òg, tenkjer eg. Dei maa nok prøve vengjene sine alle.» Han saag seg om etter noko aa sputte i – det blanke golvet og dei fine teppa gjekk det ikkje an aa sulke til. Han fann ikkje noko høveleg, freista svelje ein gong eller to, men so gjekk han bortaat omnen og sputta inn i gloa berre so det saud.

«Du maa vel helst bu deg til heimferd,» sa han, «dei ventar paa deg heime. Det er verst for Margot.» – – Fru Strøm hjelpte henne aa pakke. «Du tarv ikkje ta med deg alt vel?» sa ho, daa Helga samla saman sakene sine, «du kjem daa hit att?»

«Eg veit ikkje nokon ting enno. Eg vil helst ta det med meg. – De maa ikkje bli sint paa meg, fru Strøm, om eg ikkje kjem att, men eg trur ikkje eg kan reise fraa Erik og Margot meir. Eg vil helst bli heime.»

«Ja, men kjære deg, barn, de kan daa ikkje bli i Vika no. Kva skal de liva av? – Det kan du daa ikkje meine?»

«Eg veit ingen ting enno. Men eg vil helst ta med meg mitt lel.»

«Ja ja som du vil, veit du. Men du er alltid velkomen hit maa du hugse.»

«Takk. Eg skulde visst ikkje reist slik paa [115] utid –.» «Det snakker vi ikkje om no. Ingen raar for liv og daude. – Hels syskena dine, Helga, og til Ness. Ane-Marta hjelper deg nok, kjenner eg henne rett.» –

Aslaug var paa skulen so Helga fekk ikkje sagt farvel til henne. Dei maatte berre helse so mykje. Og takke. – Strøm kom heim i siste liten; han stakk til Helga ein

heil femtikrunesetel ekstra. «Du kan koma til aa trenge det no,» sa han, «og du har vel gjort rett for det.» Ho sansa vist ikkje aa takke eingong. Men Hans tok av seg huva. «Eg faar segje so mangfoldig takk fraa a Karoline eg, meiner eg. Ho var stødt so glad fordi Helga var hos bra folk, sa ho. Ja, det snakka ho om meir enn ein gong -.» - - -

So var Helga paa heimveg. Mor, mor dunka det og tura det i toget, mor mor ylte vinden og hagla det mot ruta. Mor, aa mor gret det inni henne. – No bar det heimover. «Men det var ikkje slik eg tenkte det,» gret Helga og saag ut mot ein gruggaat førejuls vinterhimmel.



## I Vika

Ho fekk ei vakker jordeferd, Karoline i Vika, med mange blomar etter aarstida og mange gode ord. Kristen og Ane-Marta Ness var vertsfolk, og grannane møtte opp alle som ein, prestefolket og mange av bygdefolket elles òg. Det var mange ho hadde gjeve ei hand i sine velmakts dagar, Karoline, og no vilde dei syne henne den siste æra. – Erik var bleik og liten i dei svarte konfirmationsklæda sine, men vaksen lel. Dei heldt lag dei tri syskena heile dagen. Og kom ein utor augsyna, so leita dei andre. Dei kunde liksom ikkje sleppe kvarandre idag.

Der var mat og kaffe og stova var full av folk, og i kammerset og paa loftet sat det òg folk og prata. – Dagen gjekk og smaatt om senn drog kvar til sitt, so det vart berre Nessfolket og Hans att. Dei hjelpte til aa ta saman maten og koppane, pakka saman det som var laant fraa Ness og gjorde opp med dei som hadde hjelpt til med koking og innbering av maten. Helga kokte paa kjelen ein ekstra taar tilslut til Nessfolket og Hans. Dei hadde traska heile dagen og hjelpt til alle dagane før òg. Og Helga gruva so for aa bli aaleine att. Det vart tomt no alt styret var over. –

[117] So vart dei sittande kring kaffebordet og prate ei stund. Margot sat og dubba og smaasov i ruggestolen. Ho hadde gaatt klar, men ho vilde ikkje gaa og legge seg før Helga kom.

«Du skal vel til byen att, du Helga?» undras Kristen.

Helga svara ikkje straks; ho hadde tenkt baade att og fram og visste nok kva ho helst vilde, men det kom an paa so mykje.

«Eg vilde helst bli heime,» sa ho endeleg, «men eg veit ikkje – vi treng visst baade hjelp og rettleiding – til aa bynne med –.»

«Hm. Kva har du tenkt aa ta deg til med heime daa?»

«Det er det eg ikkje veit visst. Eg har tenkt paa hagebruk,» Helga raudna – det kunde hende dei tykte det var tull berre, naar ho ingen ting hadde lært – «og so har eg tenkt paa hønsstell, – men eg veit ikkje. Det er kan hende inga meining i det, naar eg ikkje kan noko?» Ho saag bedande fraa Kristen bort paa Ane-Marta. Ingen svara noko straks.

«Eg trur nok eg skulde faa det til,» meinte Helga og snakka fort og litt andsloppen – det var om aa gjera aa faa Kristen med seg, faa han til aa tru; «vi har snakka litt

om det, Erik og eg. Han vil hjelpe til og Margot blir snart sopass ho kan ta eit tak ho òg. Vi lærte vel med kvart, naar vi fekk litt rettleiding og fekk prakke oss fram. Eg skynar godt at det er mange vanskar, men – vi vilde so gjerne bli i Vika, dersom –. Dersom vi kunde faa litt hjelp, so – baade med hestar og slikt, og til aa faa ha romet. Eg veit [118] ikkje, men det er vel rentor som skal ut og –. Eg kunde arbeide for det, dersom De vil, – eg kan daa vaske i alle fall?»

«Du skulde vel greie det mor di greidde, ung og frisk som du er,» meinte Kristen.

«Ja, trur De ikkje det?» Helga mintes ikkje at ho var lite huga paa vask lenger – det galdt aa berge heimen no. Ho saag ingen andre enn Kristen, ho sat paa ytste snippen paa stolen, og det var alt med seg ho hadde bidlund til aa sitte iro. Ho maatte faa han til aa skyne, maatte faa han med seg.

«Eg tykjer du kan hjelpe utan aa ha noko for det eg, far; det har dei fortent baade Helga og foreldra hennar,» det var Arne som sa det. «Du er med og snakkar om modernæring og attende til jorda og alt det der du òg, – no kan du hjelpe no, tilgagns, og legge tyngd i alle dei fagre orda.» Han reiste seg og gjekk ut. Det var kvelden og tid til aa fara heim. Han fekk leite fram hesten og spenne for.

Hans tok etter huva han òg, og gjekk mot døra. Han aksla seg og kremta alt i eit. Hm hm, den guten, den guten, han kunde faa sagt det om det kosta. Han likte seg, Hans, det var ikkje til aa missta paa. Han glytta bort paa Kristen med same han gjekk ut. Hm hm!

Det vart stillt inni stova. Kristen sat og smaalo. «Det var sanneleg reine ord for pengane,» sa han og saag paa Helga. Men ho vaaga ikkje sjaa opp; ho hadde ikkje snakka med Arne heile dagen, ikkje sidan ho kom heim – det var mest som han heldt seg unna med forsett, og no gjekk [119] han som han var sint mest. Ho skyna ikkje kva ho hadde gjort han. Men han vilde daa dei skulde bli i Vika likevel, hørdes det for. Berre han ikkje arga faren sint no, so –. – Daa reiste Erik seg og skulde sjaa ut etter hesten og karane han med. Han saag aalvorsamt paa Kristen – han kjende ansvaret ved aa vera vaksen kar.

«Dersom det var so vel at du vilde hjelpe oss, – det kan hende du treng karahjelp til einkvart, og eg er fri kar i vinter, veit du.»

«Ja, det er daa sant det,» mintes Kristen òg no. «Du faar helst bu deg til vaaren lel du, Helga, – det blir vel ei raad for hjelp, skynar eg, baade aat deg og meg.»

Erik handhelsa baade paa Ane-Marta og Kristen. «De faar ha takk,» sa han, «og eg skal koma so snart De treng meg. Eg – eg skal gjera mitt beste.» Og so gjekk han ut – han vart sein, det var for gale òg, at dei skulde bala med hesten aaleine derute.

Men Kristen tok handa hennar Helga, og no var han aalvorsam. «Naar eg skal segje som eg meiner, so er eg glad for at du vil slaa deg for heime eg, Helga; og du greier det nok, du har slikt aa skjøtas paa, du. Hjelp skal du faa paa Ness kva dag og tid du vil. Og kva var det eg vilde segje?» han fekk det ant med aa knappe att frakken sin, «jau, – dersom det skulde bli langsamt aat dykk her til aa bynne med, so ser vi gjerne ungdom paa Ness no òg. De er velkomne baade du og syskena dine, om de ikkje kjem etter hjelp òg.» Han strauk Margot over haaret og gjekk ut etter Erik.

[120] Helga hjalp Ane-Marta paa med kaapa. Det var ingen som sa noko før Ane-Marta tok handa hennar Helga og takka for seg. «Eg segjer som han Kristen, eg – kom til Ness baade naar du treng hjelp og elles. Kom all som tidast, – det er so lite om ungdom hos oss veit du. Og – og treng du ei mors hand nokon gong, so – veit du kor du har meg.»

Helga visste at no tenkte Ane-Marta òg paa Ingrid. «Takk,» kviskra ho, «takk for alt baade De og Kristen.»

– Det hadde kome nokre nysnørar paa jorda, so mykje det lyste opp, og ei og onnor stjerna kika fram gjennom skylaget. «Det klaarnar til, meiner eg,» sa Kristen og sette seg opp breidmed Ane-Marta. «Ja, det spøkjer for at det blir kaldt i lysingen,» meinte Hans, han kneppte att yttertrøia og maatte vel ha seg paa heimveg han og no. –

«Godnatt, Helga, og takk for idag,» Arne gav taumane aat far sin so han fekk segje farvel aat Vikafolket. «Trur du, du kjem til aa sakne byen?» undras han.

«Eg? Ikkje det slag heller. Eg er so glad eg er heime,» sa Helga.

Og ho meinte det. Ho stod ute og hørde duren av Nesstrilla langt bort gjennom vegen, og tenkte attover og vona litt fram gjennom tida. Det var ikkje sagt vegen millom Ness og Vika vart so lang heretter heller. Fekk ein tru.

# Noter

[n1.](#) mykje] *rettet fra: myje (trykkfeil)*

[n2.](#) opp.] *rettet fra: opp (trykkfeil)*

---

Sigrun Okkenhaugs *Ut i verda* er lastet ned gratis fra e-bokportalen Bokselskap. Lesetekst og flere nedlastningsmuligheter m.m. er gratis tilgjengelig på [bokselskap.no](http://bokselskap.no)